



MØTEINNKALLING

Utval: Formannskapet
Møtestad: Formannskapssalen Herøy rådhus
Dato: 04.11.2014
Tid: 13:30

Melding om forfall til tlf. 70081300.

Forfall til møter i kommunale organer skal vere gyldig i hht. Lov om kommuner og fylkeskommuner § 40, nr. 1.

Varamedlemer som får tilsendt sakliste, skal ikkje møte utan nærare innkalling.

Dersom du ønskjer din habilitet vurdert i ei sak, må du melde skriftleg frå til Fellesekretariatet om dette i god tid før møtet (Forvaltningslova § 8, 3. ledd).

Fosnavåg, 28.10.2014

Arnulf Goksøyr
ordfører

SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 189/14	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 190/14	Protokoll frå førre møte
PS 191/14	Delegerte saker
PS 192/14	Budsjett 2015 og økonomiplan 2015-2018. 1. handsaming
PS 193/14	Detaljregulering for Lanternen Marina AS - Spørsmål om oppstart av planarbeid og tomtedisplaying i området.
	Delegerte saker frå avdelingane
DS 41/14	Kjøp av tomt 81/13
DS 42/14	Kjøp av bustadtomt 45/163 i Dragsund

PS 189/14 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 190/14 Protokoll frå førre møte

PS 191/14 Delegerte saker



Økonomiavdelinga

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	GEO	Arkivsaknr:	2014/1209
		Arkiv:	124

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
192/14	Formannskapet	04.11.2014

BUDSJETT 2015 OG ØKONOMIPLAN 2015-2018. 1. HANDSAMING

Tilråding frå rådmannen:

1. Kommunestyret vedtek følgjande strategi:
Herøy kommunestyre ser folketalsvekst og positivt omdøme som dei to mest sentrale indikatorane for positiv utvikling. Kommunestyret vedtek følgjande strategi for dei 4 programområda i økonomiplanperioden:

Arbeidsmiljø

- utvikle gode leiarar på alle nivå gjennom systematisk leiarutvikling
- utvikle kompetansen til dei tilsette med bakgrunn i organisasjonen sitt behov

Tenester

- Tilpasse tenestenivået og folk sine forventingar til det kommunen kan levere innanfor tilgjengelge ressursar
- Leggje vekt på kvalitet og kompetanse på dei tenestene kommunen leverer
- Utføre god sakshandsaming i samsvar med forvaltningslova.

Lokalsamfunn

- Leggje til rette for bustadbygging
- Satse på kultur og oppleving
- Omdømebygging

Økonomi

- Streng prioritering i drifta
- Satse på tiltak som frigjev ressursar
- Byggje opp bufferfond
- Ta ut synergjar gjennom samarbeid

2. Rammene til dei ulike avdelingane blir slik i 2015 (runda av til næraste kr 5.000,-).

Område	Brutto	Brutto	Netto	Netto
	Utgift 2015	Inntekt 2015	Utgift 2015	budsjett 2014
Pol. Leing	3.725	45	3.680	3.695
Adm leing	6.330	2.890	3.440	3.320
Servicetorget	4.185	835	3.350	3.000
Fellessekretariatet	2.410	200	2.210	2.185
Økonomiavd	7.200	700	6500	6.160
Pers og org. avd	10.250	2.060	8.190	8.235
IKT	5.780	470	5.320	4550
Overføringar til andre	34.670	25.850	8.820	8.800
Barnehageavdelinga	65.130	3.840	61.290	61.680
Skuleavdelinga	125.130	17.410	107.720	109.900
Barn, familie og helse	46.845	10.455	36.390	34.545
Pleie og omsorgsavd.	124.700	19.680	105.020	101.730
Bu- og habilitering	48.920	11.110	37.810	36.285
Sosial g flykting	14.795	5.365	9.430	9.520
Kulturavdelinga	18.515	9.570	8.945	8.020
Utviklingsavdelinga	8.735	2.385	6.350	6.330
Anlegg og driftsavd.	39.085	23.195	16.610	12.240
Eigedomsavdelinga	32.520	14.745	17.775	15.140
Samhandlingsreforma	295	295	0	12.400

(Førebelse rammer før nye tiltak er vurdert)

3. Herøy kommune vedtek den gjeldande maksimalsatsen for inntektsskatteøre for år 2015.
4. Kommunale avgifter, betalingssatsar, husleiger og eigendelar vert prisjustert Om ikkje anna vert bestemt særskilt.
5. Det vert vedteke slike endringar i betalingssatsane:
- Barnehagesatsane følger den statlege maksimalprisordninga i 2015. Kr 2.580,- for heil plass + matpengar kr 300,-.
 - Husleiga for kommunale utleigebustadar vert regulert årleg etter kontraktsdato dersom endringa i konsumprisindeksen for same periode er positiv. Ved inngåing av ny husleigekontrakt vert veiledande husleige for leigeobjektet vurdert opp mot og eventuelt regulert til same nivå som for tilsvarande kommunale leigeobjekt. Dersom husleigesatsen for eit eller fleire kontraktsforhold avvik frå gjengs leige, kan forvaltar regulere husleiga til gjengs nivå i tråd med krava i husleigelova.
 - Vaksinasjon kr 350,- pr konsultasjon + dekning av vaksinekostnader.
 - Abonnementsordninga for heimetenestene vert slik:
(Pr. 1.5.14 er 1 G kr. 88.370,-
 - Timepris: kr 250,- (kr 240,- i 2014)

- 2-3 G – Kr 1.000,- per mnd (kr 960,-)
 - 3-4 G – Kr 1.300,- per mnd (kr 1.220,-)
 - 4-5 G – kr 1.600,- per mnd (kr 1.500,-)
 - Over 5 G – kr 1.900,- per mnd (kr 1.850,-)
- e) Leige tryggleiksalarmar kr 300,- per månad (kr 300,-).
- f) Korttidsopphald institusjon kr 142,- pr døgn (kr 137,-)
Kommunen vil automatisk oppjustere sine satsar i tråd med sentrale justeringar.
- g) Dagplass ved institusjon kr 74,- pr dag (kr 72,-).
Kommunen vil automatisk oppjustere sine satsar i tråd med sentale justeringar.
- h) Sal av middag ved institusjonane kr 80,- pr middag (kr 75,-)
- i) Utkøyring og sal av middag frå institusjonane kr 100,- pr middag (kr 90,-)
- j) Kurdøgnprisen for opphald i institusjonane (sjukeheimane) vert sett til
kr (kr 1.776,- per døgn i 2014. 2015 blir først kjent når budsjettet til PO er vedtatt – når tilrådinga til K-styret er kjent)
- k) Andre avgifter, betalingssatsar etc vert auka med 3,0 %
- l) Tilknytningsavgift for kloakk, kloakkgebyr, feieavgift, renovasjonsavgift, avgift for tvungen slamtømming, elevavgift kulturskolen, prisar i skulefritidsordninga (SFO), vert fastsett for 2014 gjennom eigne vedtak i kommunestyret.
- m) Festeavgift vert sett til kr. 130.- pr. år pr. grav. (opp kr 5,- per år)

6. Herøy kommunestyre har lagt til grunn eit forventa utbytte frå Tussa Kraft AS på minimum kr 5.000,- pr aksje og ber rådmannen gjere selskapet merksam på dette.
7. Budsjettet for 2015 fører til slike nye stillingsheimlar:
8. Det vert lagt fram særskilde saker for handsaming av avtalevilkår og økonomisk deltaking når søknad ligg føre når det gjeld saker knytt til planlegging og utbygging i samband med næringsutvikling og infrastrukturanlegg.
9. Herøy kommunestyre ynskjer at det i løpet av våren vert fremja ei eiga sak om innføring av Eigedomsskatt i Herøy kommune.
10. Herøy kommunestyre ynskjer ein gjennomgang av organisasjonen for å sjå om drifta kan effektiviserast. Ein plan på dette må snarast råd leggast fram for kommunestyret for handsaming.
11. Budsjettrapportering og rapportering etter måltal skal skje kvart tertial 30.04 og 31.08.
12. Kommunestyret vedtek eit låneopptak på NOK ,-, - for 2015. Ordførar og/eller rådmann får fullmakt til å ta opp og godkjenne lånevilkåra innanfor oppgitt låneramme i budsjettet.
- 13 Kommunestyret vedtek låneporteføljen til Herøy kommune, og alle lån i porteføljen kan vere aktuelle for refinansieringar i budsjettåret 2015. Rådmannen står fritt til å betale budsjetterte avdrag på dei lån han finn føremålstenleg, uavhengig av opprinneleg vedtak.

- 14 Rådmannen får fullmakt til å utføre budsjettendringar for det som vedkjem refusjon sjukeløn opp mot vikarutgifter, samt endringar knytt til mva kompensasjonen.
- 15 Kommunestyret vedtek budsjettet for 2015 og økonomiplanen for perioden 2015-2018 På grunnlag av dei rammer og føresetnader som er fastsett i denne planen.

Særutskrift:

Vedlegg:

Saksopplysningar:

Innleiing:

I statsbudsjettet (Prop. 1 S) blir det formidla forventningar om at kommunesektoren skal tilby fleire og betre tenester. Det skal bli gitt rom for auka velferd til pleietrengande, eit meir tilgjengeleg barnehagetilbod og meir kunnskap i skulen. Samstundes meiner regjeringa at det er rom for å effektivisere kommunesektoren ytterlegare.

Regjeringa sitt forslag til kommuneopplegg for 2015 har ein realvekst i samla inntekter på 6,2 mrd. kroner, rekna frå anslått inntektsnivå i 2014. Innanfor denne veksten er enkelte formål særleg ivaretatt. Dette gjeld kommunale tenester innanfor rus og psykisk helse, fleksible barnehageopptak, og ein styrking av helsestasjons- og skulehelsetenesta.

Skatteanslaget for 2014 var for høgt, og vi erkjenner at den mest negative forventninga for dette året faktisk har slått til. Frå 2. kvartal har Herøy kommune vore kjend med eit planlagt underskot, som skulle dekkast ved bruk av bufferkapital. Grunna overskriddingar i større samfunnsprosjekt, har t.d. aksjeutvidingar vore med på å ta av den tilgjengelege bufferkapitalen. Vi har ikkje økonomisk elastisitet til å handtere årets underskot, og må derfor føre dette over til utfordringane for 2015.

Dersom ein ser bort frå eit eventuelt overført underskot frå 2014, vil tildelinga til Herøy kommune fortsatt ikkje vere nok til å vidareføre normaldrifta i kommunen. Med det økonomiske utgangspunktet for budsjett 2015 må ein erkjenne at drifta i Herøy kommune er underdimensjonert sett i lys av samfunnsforventningar, men overdimensjonert i høve til overføringane frå staten.

Herøy kommune må utfordre sine egne haldningar til fleire sentrale samfunnsforhold. For det fyrste er ikkje Herøy kommune ei langstrakt kommune, sett i lys av dagens infrastruktur. Reisetidene er korte same kva slags stadar ein tek utgangspunkt i. Diskusjon om indre/ytre har derfor liten praktisk konsekvens sjølv om haldninga i samfunnet står sterkt.

Vidare har Herøy kommune sterke bygdesamfunn, som hegnar på egne krav om å oppretthalde tenestetilbod. I lys av budsjettutfordringane har no Herøy kommune eit unikt handlingsrom for å legg til rette for eit tenestetilbod som står i samsvar med andre kommunar. Dette må vi sjå i lys av den komande kommunereforma. Ein må her erkjenne at det er utfordrande for politikarane å sjå ut over sine egne territoriale grenser når ein er valt av folket til å ivareta Herøy kommune sine interesser.

Budsjettutfordringane for 2015 må løysast med andre verkemiddel enn det ein har gjort tidlegare. Herøy kommune vil ha store utfordringar med å leve opp til forventningane i statsbudsjettet, sjølv om ein skulle innføre eignedomsskatt i økonomiplanperioda. Det vil vere behov for ein kritisk gjennomgang av nivå, omfang og struktur på tenestetilbod, , organisasjonsstruktur og organisatorisk effektivisering.

Budsjett 2015 vil særleg utfordre vore politikarar til å prioritere mellom knappe ressursar. Herøy kommune må tenke meir langsiktig i den økonomiske planlegginga, særskilt med

tanke på framtidige investeringar i realkapital, og hente ut effektar i tiltak som berre har halvårseffekt for 2015 – men vidare heilårseffekt frå 2016. Rådmannen synest at budsjettprosessen i kommunen er særleg krevjande, då den statlege skrustikka strammar ytterlegare for 2015. Dette til tross for at statsbudsjettet legg vekt på ein sunn og sterk kommuneøkonomi som grunnlag for eit god velferdstilbod.

Til forsvar for staten så det den kommunale finansieringsmodellen som slår ut negativt, då det er svikt i skatteinntangen til Herøy kommune som er årsaka. Dersom vi kunne få del i selskapsskatten hadde situasjonen vår sett heilt annleis ut.

Den kommunale bygningsmassen har eit svært omfattande etterslep på vedlikehald, og evna til å fornye eigedomane ved nybygg krev langsiktig planlegging for å skape nødvendig handlingsrom. Innanfor ei periode på fem år er det behov for eit nytt skulebygg, nytt barnehagebygg, ny brannstasjon og driftssentral, og nytt omsorgs/helsebygg. Dette er store investeringar som krev omfattande ressursar gjennom lånefinansiering. Dette vil leggje ytterlager press på den årlege kommuneøkonomien. Det må vere eit grunnleggande krav at ein klarar å hente ut rasjonaliserings- og effektiviseringsgevinstar ved desse nybygga.

Det er ikkje rom for å nærme seg ein ambisjon om 3% overskot på drifta, eksklusive RDA midlar. Herøy kommune har per i dag ein kommuneøkonomi som etter statens føringar ikkje er sunn.

Budsjett- og økonomiplanen skal etter innstilling frå formannskapet leggjast ut til offentleg ettersyn i 14 dagar. Bakgrunnen for dette er at innbyggjarane skal kunne gjere seg kjent med innhaldet i planen, politikarane sine fleirtals- og mindretalsframlegg og kunne kome med innspel til slutthandsaminga i kommunestyret.

2. ØKONOMIPLAN

2.1 Demografi

Utvikling av folketalet

Den 01.01. 2014 var folketalet i kommunen på 8847 personar. Det er det same som 01.01.2013.

Framskrivning av folketalet

SSB presenterte 17.06. 2014 nye befolkningsframskrivingar. Framskrivingane er usikre sidan dei er avhengig av fleire faktorar.

Framskrivninga av folketalet i Herøy kommune varierer, alt etter om ein legg til grunn låg elles middels nasjonal vekst. Dersom ein legg til grunn låg nasjonal vekst (LLML), vil folketalet gå tilbake frå 8847 personar i 2014 til 8842 personar i 2040.

Låg nasjonal vekst viser at det vil bli fødd færre born kvart år. Ein vil få færre born både i barne- og ungdomsskulealder. Vidaregåande skule vil og få færre søkjarar.

Legg ein til grunn middels nasjonal vekst (MMMM), vil folketalet auke jamt frå 8847 i 2014 til 9863 personar i 2040.

Aukande antall gamle innbyggjarar

Alder/årstal	2014	2020	2030	2040
80 +	476	470	651	862

Kjelde: SSB, alt MMMM

Framskrivning av folketal viser stabil/ein svak auke i gruppa over 80 år fram til 2023. Deretter har vi ein sterk auke fram til 2040.

Stabil ungdomsgruppe.

Alder/årstal	2014	2020	2030	2040
0-5 år	610	619	634	605
6-15 år	1162	1158	1153	1139
Sum	1772	1777	1787	1744

Kjelde: SSB, alt MMMM

Ungdomsgruppa 0 – 15 år vil vere relativt stabil dei komande åra.

2.2 Herøy kommune sin strategi

Kommunestyret vedtok følgjande strategi i K-sak 179/10 den 16. desember 2010:.

“1. Kommunestyret vedtek følgjande strategi:

Herøy kommunestyre ser folketalsvekst og positivt omdøme som dei to mest sentrale indikatorane for positiv utvikling. Kommunestyret vedtek følgjande strategi for dei 4 programområda i økonomiplanperioden:

Arbeidsmiljø

- Utvikle gode leiarar på alle nivå gjennom systematisk leiarutvikling
- Utvikle kompetansen til dei tilsette med bakgrunn i organisasjonen sitt behov

Tenester

- Tilpasse tenestenivået og folk sine forventingar til det kommunen kan levere innanfor tilgjengelege ressursar
- Leggje vekt på kvalitet og kompetanse på dei tenestene kommunen leverer
- Utføre sakshandsaming i samsvar med forvaltningslova

Lokalsamfunn

- Leggje til rette for bustadbygging
- Satse på kultur og oppleving
- Omdømebygging

Økonomi

- Streng prioritering i drifta
- Satse på tiltak som frigjev ressursar
- Byggje opp bufferfond
- Ta ut synergjar gjennom samarbeid

Summen av handlingane til både politikarane og tilsette er det som formar omdømet. Forventingsstyring vil seie å vere tydeleg på kva tenester og til kva kvalitet eller standard Herøy kommune kan levere ut frå dei ressursane kommunen faktisk har.

Staten har gjennom inntektssystemet fastsett kriterier for utgiftsnivået for Herøy kommune. Tenester som er organisert dyrare enn inntektsoverføringane frå staten kompenserer, må vi dekkje sjølve. Det skjer i praksis ved at standarden eller tilbodet på andre tenesteområde

vert lågare. Høgare utgiftsnivå er knytt til strukturell organisering og er vanskeleg å gjere noko med på kort sikt, men pressar seg no fram som aktuelle tiltak.

I prinsippet har dei ” frie inntektene ” til Herøy kommune vore samansett av utbyttet frå Tussa, finansavkastning og momskompensasjon av investeringane i drifta. Utbytte frå Tussa har vore lågt over fleire år, og er forventa til å vere små i tida vidare. Både Volda og Ørsta kommunar har innført eigedomsskatt, som vil ta godt føre seg i selskapets kapitalstruktur. Vidare er momskompensasjonen oppheva, og ein står då tilbake med finansavkastninga som også er låg for dei komande åra. Det statlege inntektssystemet gjev ikkje rom for lokalsamfunnsatsing. Dette må kommunen skaffe seg gjennom andre inntektskjelder eller frigjerung av ressursar.

Det er viktig å stabilisere økonomien ved streng prioritering og på sikt gjere drifta uavhengig av dei svingande inntektene, slik at desse midlane heller kan gå til å byggje opp reservar eller til sparing til større investeringar.

Det er svært vanskeleg å ha ein vekststrategi for kommunen samtidig med innstramming i tenestetilbodet. Oppleving av meistring vert uttrykt som indikator for å trivast og kunne gjere ein god jobb. Føresetnaden for at ein arbeidstakar opplever å meistre situasjonen, er at han/ho har den kompetansen som er nødvendig, og at han/ho har tilstrekkeleg tid til å gjere jobben.

Det er viktig for kommunen sitt omdøme at kommunestyret finn den rette balansen mellom desse faktorane. Vert drifta pressa med for tronge rammer, oppstår lett ein negativ spiral med press på tid/stress, auka sjukefråver og rekrutteringsvanskar. Det bør satsast på investeringar i økonomiplanperioden som frigjer ressursar til drift og/el. auka inntekter.

Dei kommunale tenestetilboda som barnehage, skule, sjukeheims plass mv tek folk for gitt i alle kommunar. Ein greier ikkje å marknadsføre desse tenestene som unike sjølv om kvaliteten er god. Derimot vil effekten vere fråstøytande dersom tilbodet vert oppfatta som dårleg.

Opninga av hotellet, konserthuset, ny kino og skipssimulator har satt Herøy og Fosnavåg på kartet, og vi har eit positivt moment vi kan dra nytte av over tid. Effekten avhenger sjølv sagt av arbeidsmåtar for formidling. Opninga av Sunnmørsbadet i 2015 vil også vere ein sær sars positiv faktor for omdømme til Herøy kommune. Det er ein samanheng mellom tilgang på oppleving, sosiale møteplassar mv. og attraktivitet.

Særleg sentrale utfordringar i økonomiplanperioden:

- Gjere seg uavhengig av svingande inntekter i drifta og byggje opp buffer
- Samordne prioriteringar av utbygging av byggjefelt og infrastruktur
- Stimulere til sentrumsutvikling i Fosnavåg
- Kommunereforma
- Følgje opp energimålet i klimaplanen og ta ut potensialet for reduserte energikostnader gjennom energistyring og ENØK
- Integrering og mangfald
- Sikre god kvalitet og tilførsel av vatn i heile kommunen

2.3 Det økonomiske handlingsrommet i økonomiplanperioden

Det er nivået på kommunen sine inntekter som avgjør kva utgifter kommunen kan ha. I tillegg må ein ta omsyn til netto finanskostnader. Når ein har fastsett desse postane ser ein kva ein kan fordele ut som driftsmidlar til avdelingane, kor mykje vi må saldere utgiftssida med for å balansere utgifter og inntekter, og kor mykje vi må saldere for eventuelt finne rom for nye tiltak i budsjett og økonomiplan.

Herøy går mot eit rekneskapsmessig meirforbruk i 2014. Grunnen til dette er i første rekke at staten sine prognoser når det gjeld skatt og rammetilskott var mykje høgare enn det som no viser seg å bli resultatet. Dette gjeld for landet utder eitt, men Herøy kommune opplever no ein reell reduksjon av skatteinntektene for andre år på rad. Skatteprosenten vart resusert frå 28% til 27%, skattøret vart redusert og det same vart då også kommunen sin del av skatteinntektene frå dei forskottspliktige der ein no er nede på 30%.

I utgangspunktet har Herøy kommune eit stort negativt handlingsrom i økonomiplanperioden. Ved å innføre eigedomsskatt og effektivisere det kommunale tenesteapparatet har ein imidlertid sjans til å snu denne trenden, men då må dette prioriterast og arbeidet settast i gong umiddelbart. For 2015 kan ein balansere budsjettet ved å nytte staten sine prognoser på skatt og rammetilskott, ved å halde vakante stillingar ledige, ved å effektivisere drifta og ved å vere forsiktige med å godkjenne nye driftstiltak. Dersom ein ikkje startar effektiviseringsarbeidet umiddelbart vil budsjettet som styringsverktøy ikkje få den betydninga den skal ha. Ein har tidlegare signalisert driftsreduksjonar, men ein har ikkje greidd ut korleis desse skal gjennomførast. Slik rådmannen ser det må driftsnivået ned opp mot 20,0 mill kroner i den komande økonomiplanperioden for at vi skal klare å skape balanse og handlingsrom ut frå dagens driftsnivå, og gjere oss mindre avhengig av kortsiktige og svingande inntekter.

Det må frigjerast driftsmidlar til å møte utfordringa, i barnehagereforma, i eldreomsorga og til auka kvalitet i skulen. Dersom kommunen ikkje lykkast med å skaffe nye/fleire innbyggjarar og kompetanse til næringslivet/lokalsamfunnet, vil vi få lågare skatteinntekter.

Budsjetta er meir og meir blitt som eit lotteri. Gjennom statens endringar i rekneskapsprinsipp og innføring av stadig nye satsingsområder og reformer blir det for mange ukjende faktorar som det er vanskeleg å ta tilstrekkeleg omsyn til i budsjetteringsarbeidet. Ein kan kort nemne barnehagereforma, samhandlingsreforma, momskompensasjonen og pensjonsforskriftene. I tillegg verkar det som om regjeringa har saker dei brenn for som absolutt skal inn i budsjettet utan at det er uttrykt behov for dette i kommunane (døme frå årets budsjett er Kulturskulen inn i grunnskulen/SFO). Dei siste par åra har i tillegg staten tatt ein sjanse på at kommunene sine skatteinntekter skal auke med 4,4% i 2014 og 3,7% i 2015. Dette er urealistisk stor vekst, men rådmannen trur at dette er gjort med overlegg, då det er kommunene som må effektivisere drifta og ta tapa dersom spådommane ikkje slår til.

Vi kan også ta med at alle postar der det økonomiske aspektet er usikkert må kommunane stadig bere meir av risikoen. Eit godt døme her er det øyremerka tilskotet til ressurskrevjande brukarar.

I komande økonomiplanperiode må kommunen jobbemålretta med ei endring i drifta og vurdere nøye eventuelle nye investeringar og driftstiltak. Det vil ha alvorlege konsekvensar om kommunestyret ikkje ser drifta og utviklinga i eit heilheitleg og langsiktig perspektiv. Feilprioriteringar vil binde opp økonomien i lang tid og forsterke ei negativ utvikling i kommunen sitt handlingsrom. Stor vekst i kostnadane og lav inntektsvekst vil tvinge fram ei innføring av eigedomsskatt i Herøy kommune. Slik innføring kan presse seg fram allereie frå 2016.

Fleire kommunar innfører eigedomsskatt for å sikre gode tenester til innbyggjarane og prioritere samfunnsutvikling. I 2001 hadde 25 % av kommunane eigedomsskatt. No har dette auka til nær 40 %. For Herøy kommune vil evt innføring av eigedomsskatt gjeve oss meirinntekter i storleiken 14 – 50 mill kroner (opptrapping over 4 år – frå 2 promille i startåret

til maks 7 promille etter 4 år). Ein har i dei vedlagde framstillingane gått ut frå ei innføring av denne skatten i 2016 og med ei opptrapping i 2017 og 2018 slik at ein kjem opp i ein eigedomsskatt på 4% ved utgangen av økonomiplanperioden.

2.3.1 Skatt/rammetilskott

Herøy kommune har i mange år hatt ei fin utvikling i sine skatteinntekter. Faktisk har auke vore større enn i dei fleste av våre nabokommunar. I 2013 derimot opplever kommunen ein reduksjon i skatteinntektene, og denne reduksjonen ser også ut til å halde fram i 2014.

I revidert nasjonalbudsjett såg regjeringa føre seg ein vekst i skatteinntektene for 2014 på 4,4%. I statsbudsjettet er forventningane for 2015 på 3,7%. Skatteøret (kommunen sin del av dei samla skatteinntektene) er redusert med 0,15 poeng. For Herøy kommune sin del vert skatteinntektene for 2015 berekna til i 252,8 mill kr i statsbudsjett for 2015. Dette er ein stor auke sett i høve til det som kan kome til å bli den reelle skatteinntekta for 2014.

Vårt håp er at Herøy igjen skal ha ein skattevekst som er høgare enn landsgjennomsnittet i 2015. Grunnen til dette er den stagnasjonen ein har opplevd i 2013 og 2014. I 2014 kan det sjå ut til at delar av næringslivet går litt betre enn i 2013 og det har også skjedd ein del andre ting som gjer at utgangspunktet i 2015 vil bli betre enn i dei to siste åra.

Vi kan illustrere endringar i skatt/ramme i ein slik tabell.

Skattevekst	Skatt	Rammetilskott	Sum
Uendra 2014-2015	236,0	208,8	244,8
3,0% vekst i 2015	243,1	204,5	447,6
5,0% vekst i 2015	247,8	201,7	449,5
7,5% vekst i 2014	253,7	198,2	451,9
Statsbudsjettet	258,2	195,4	453,6

Skal ein nå opp i prognosene i statsbudsjettet må Herøy kommune ha ein skattevekst frå 2014 til 2015 på 9,4%. Ein slik vekst er kanskje urealistisk men sidan staten opererer med slike tal for Herøy kommune sin del vel vi å nytte dei i budsjett 2015.

2.3.2 Aksjeutbytte Tussa AS

Vi har i dag 513 aksjar i Tussa AS. I 2014 budsjetterte vi med eit aksjeutbytte på kr 9.000,- per aksje. Resultatet vart eit utbytte på kr 7.000,-. Utbyttet vi har motteke frå Tussa AS har variert frå kr 2.100,- per aksje og opp i kr 17.700,- per aksje. Kva som vil vere rett utbyttelnivå for 2015 er vanskeleg å vurdere. Førebels har vi lagt oss på eit utbytte på kr 5.000,- per aksje i 2015 noko som gir oss it samla utbytte på om lag kr 2.565.000,-. Vel ein å budsjettere med same utbytte som ein fekk for 2013 (utbetalt i 2014) kan denne posten aukast med kr 1.026.000,-.

No har KLP kome inn som ein finansiell investor med forventningar om avkastning. I utgangspunktet er det grunn til å tru at dei forventar ei avkastning høgare enn 3. mnd NIBOR noko som skulle tilseie minst mellom 2 og 3%. Basert på kjøpspris (kr 675.000,- per aksje) utgjer det eit utbytte per aksje på mellom kr 13.500,- og kr 20.250,- per aksje per år. For Herøy kommune vil det samla utgjere mellom 6,9 og 10,4 mill kr.

Likevel. Dei store usikkerheitene rundt utbyttestorleiken per aksje gjer at rådmannen ikkje ynskjer å budsjettere med slike inntekter i åra som kjem. I tillegg har Tussa AS i sine rapportar gitt uttrykk for at lønsemda i kraftbransjen ikkje vil betre seg storleg dei neste åra og at kommunene ikkje kan rekne med så store utbetalingar av utbytte som ein har sett dei siste åra.

Eit anna punkt ein skal vurdere i økonomiplansamanheng er at eigedomsskatt i Ørsta, Volda og Hareid kommunar vil gjere at selskapet sine utgifter vil auke og at resultatet såleis kan bli ytterlegare svekka i åra som kjem.

2.3.3 Finans

På inntektssida har vi tradisjonelt ført renteinntekter frå fondskapital (aksjar og obligasjonar) samt rente på ordinære bankinnskott i bank.

Ubunde kapitalfond er brukt opp og kanskje også negative ved komande årsskifte. I tillegg veks premieavviket på pensjon (mellom 23,7 mill kr per 31.12.2013). Alt dette gjer at Herøy kommune sin likviditet vil bli meir pressa framover. Vi har allereie redusert plasseringane med 26,0 millkr i oktober og ein kan risikere å selje seg endå meir ned før nyttår. Samla finansinntekter har vi budsjettert til om lag 6,95 mill kr. Dette er uendra sett i høve til opprinneleg budsjett 2014. Dette gjeld finansavkastning gjennom aktiv forvaltning og renter på bankinnskott.

Rentesituasjonen er usikker og uoversiktleg. Rentene svingar frå dag til dag og det er vanskeleg å spå kva som vil skje framover. Dersom Noregs Bank aukar styringsrenta vil det sjølvsagt bety høgare finansutgifter for Herøy kommune (men også lavare pensjonskostnader). Vi trur at rentene blir lave framover og at dei vil variere forholdsvis lite dei neste 2-3 åra. Vi kan få eit problem ved at lån og kreditt ikkje blir så tilgjengeleg som det det har vore hittil.

I budsjettframlegget for 2014 har ein lagt til grunn ei flytande rente på 2,95 % i alle dei låneinstitusjonane der vi har slike lån. Mange av kommunen sine lån er knytt opp med fast rente. Ein har prøvd å ta omsyn til den fastrenta desse låna vil ha for 2015.

For 2014 legg ein opp til rentekostnader på i alt 19,15 mill kr. Dette er ein reduksjon i høve til opprinneleg budsjett 2014 på om lag 1,2 mill kr. Det kan vere at desse kan setjast ytterlegare ned, men vi har sett dette litt i samanheng med at renteinntektene synest å vere for høgt budsjettert i og med at ein har redusert plasseringane i obligasjonar og at vi tidvis har hat lite driftskapital op konto.

Det ligg føre eit regelverk knytt til minsteinnbetaling av avdrag. Ein legg opp til avdragsinnbetalingar i 2015 tilsvarande 20,9 mill kr. Ein auke i høve til 2014 budsjettet på 1,2 mill kr. I tillegg til dette kjem avdrag på vidareutlån/startlån som vert ført i investeringsrekneskapan (her inntektsfører ein også innbetalingar av avdrag frå lånekundane).

3. BUDSJETT

3.1 Statsbudsjettet

Kommuneopplegget 2015 – Prop 1 S.

Regjeringa si hovudprioritering innanfor Kommunal- og regionaldepartementet sitt budsjettområde er:

- Vi styrker kommunene så de kan sørge for mer kunnskap i skolen, bedre kvalitet i helse- og omsorgstjenesten og fortsette arbeidet med å tette hull i det sosiale sikkerhetsnettet

- Kunnskap i skulen
- Betre kvalitet i helse- og omsorgstenestene
- Tette hol i det sosiale sikkerhetsnettet

I statsbudsjettet er det opplyst at veksten i dei samla inntektene i kommunesektoren er på vel 6,2 mrd kr. Ein stor del av denne auken blir gitt som frie midlar (4,4 mrd kr). Dette utgjør om lag 1,4 % realvekst rekna frå berekna inntektsnivå i 2014. Veksten i dei frie inntektene er om lag 1,2 mrd kr høgare enn det ein varsla i kommunepropososjonen for 2015. Føljande utgiftsvekst må dekkast av dei auka frie inntektene:

Realvekst kommunesektoren	Kommentar	6,2 mrd (1,5 %)
Herav vekst frie inntekter		4,4 mrd (1,4 %)
Andel vekst frie inntekter på primærkommunane		3,9 mrd
Vekst frie inntekter primærkommunane skal dekkje:		3,90 mrd
- Andel vekst demografikostnader	80 % av 2,7 mill	2,16 mrd
- Pensjonskostn utover deflator	Ikkje pålagt	0,40 mrd
- Helsestasjon/skulehelseteneste	Ikkje pålagt	0,20 mrd
- Rus og psykiatri	Ikkje pålagt	0,20 mrd
- Fleksibelt barnehageopptak		0,10 mrd
Sum til ”disposisjon”		0,84 mrd

Som ein då ser av tala er det meste av auken i frie inntekter allereie spist opp og det før ein tek omsyn til varsla løns- og prisvekst på nær 3,0%.

Nye/endra/avvikla tiltak («øyremerka» midlar/satsingar):

- Saltsing på helsestasjon og skulehelsetenesta
- Utdanning av deltidsbrannpersonell
- Auka kommunal eigedel i statlege barnevernsinstitusjonar
- Reversering av kulturskuletilbod i skulen/SFO
- Reversering av frukt og grønt
- Valfag 10 årstrinn. Heliårsverknad
- Auka likeverdig behandling av kommunale og private barnehagar (heilårsverknad)
- Redusert etterspurnad etter barnehageplassar pga auka kontantstøtte (heilårsverknad)
- Auke maksimalprisen i barnehagane med kr 100,- per mnd (trekk i ramma til kommunane)
- Brukarstyrt personleg assistanse
- Rus
- Psykiatri

I tillegg aukar innslagspunktet for ressurskrevjande brukarar til 1,08 mill kr per brukar.

Maksimalsatsen pr måned for heiltidsplass i barnehage vert auka med kr 100,- til kr 2.460,-. Kommunane frå trekk i ramma tilsvarende inntektsveksten.

Innslagspunktet for tilskotet til ressurskrevjande brukarar vert kr 1.080.000,- (opp kr 70.000,-) og kommunane får kompensert 80,0. Desse endringane får verknad frå 2014 og gjer at Herøy kommune sine meirkostnader aukar med mellom 0,6 og 0,8 mill kr per år.

Investeringsstilskot og rentekompensasjon:

- Investeringstilskot til sjukeheimplassar og omsorgsbustader til 2.500 nye einingar med 200,0 mill kr
- Tilskott til om lag 1000 nye dagaktivitetsplassar for heimebuande personar med demens
- Rentekompensasjonsordninga for Skulebygg og symjeanlegg aukar med 45,0 mill kr.

3.2 Anslag på vekst for Herøy kommune

Anslått konsekvens av statsbudsjettet på Herøy kommune:

Dei frie inntektene er ikkje frie. Det er gitt ein del føringar som er gitt i samband med løyvingane. Vi kan sette dette opp slik:

Anslag på vekst i høve egne berekningar samanlikna	
Med budsjett 2014	kr - 2.600.000,-
Bortfall av overføringar samhandlingsreforma	kr 9.610.000,-

Lønsvekst 2,75 % av lønn faste stillingar ink sos kost	kr 9.275.000,-
Prisvekst 1,8 %. Berekningsgrunnlag 65,0 mill kr	kr 1.170.000,-
Valfag i ungdomsskolen	kr 100.000,-
Opptopping tilskott priv barnehagar til 98 %	kr 600.000,-
Helsestasjon- og skulehelseteneste	kr 400.000,-
Utdanning deltidebrannpersonell	kr 150.000,-

Basert berre på tala ovanfor er Herøy kommune sine utgifter 4,7 mill kr høgare enn anslaget i vekst på 7,0 mill kr. Dette føreset staten vert dekkja inn gjennom effektivisering og omlegging av tenester.

Basert på tala ovanfor betyr det at Herøy kommune ikkje vil ha ein vekst i sine disponible midlar i 2015, slik det også var tilfelle i 2014, 2013, 2012 osv.

I tillegg til dette veit ein at kostnadane veks innan sektorar som barnevern, sosial/flyktning, pleie- og omsorg og bu- og habilitering. Det gjer at det vert vanskeleg å legge fram ein budsjett i balanse sjølv etter ein del kutt.

3.2 Veksten frå 2014-2015 i framskrive budsjett

Med dei føresetnadane ein har ved fastsetjing av frie inntekter, netto finansutgifter, pensjonsavvik m.m. har Herøy kommune om lag 443,1 mill kr til fordeling på avdelingane for 2015 samt til dekning av rente- og avdragskostnadar knytt til nye investeringsbudsjett. Det er 8,6 mill lavare enn i opprinneleg budsjett 2014.

Lønskostnadane (lønsutgifter minus sjukelønsrefusjonar) har dei siste åra auke meir enn det regjeringa har sett føre seg i statsbudsjettet og i revidert nasjonalbudsjett. I tillegg aukar også pensjonspremien til KLP meir enn lønsveksten, slik at lønsutgiftene stadig tek ein større del av dei kommunale budsjettet. I budsjett 2015 har vi lagt til grunn ein lønsvekst på om lag 2,75% på alle faste lønskostnadar, medan veksten i pensjonskostnadane i høve til opprinneleg budsjett for 2014 utgjer om lag 6% om ein tek omsyn også til lønsveksten.

Område/avdeling	Avdelingane sine Konsekvensjust. budsjettforslag for 2015	Opprinneleg budsjett 2014	Differanse i kroner	Differan se i prosent
Politisk leiing	3.680.000	3.695.000	- 15.000	- 0,40
Administrativ leiing	3.440.000	3.320.000	120.000	3,61
Serviceforretninga	3.350.000	3.000.000	350.000	11,66
Fellessekretariatet	2.210.000	2.185.000	25.000	1,14
Økonomiavdeling	6.500.000	6.160.000	340.000	5,51
Personal- og org. avd.	8.190.000	8.235.000	- 45.000	- 0,72
IKT	5.320.000	4.550.000	770.000	16,92
Div overføringer	8.820.000	8.800.000	20.000	0,22
Barnehageavdelinga	61.290.000	61.680.000	- 390.000	-0,63
Skuleavdelinga	107.720.000	109.900.000	- 2.180.000	- 1,98
Barn, familie og helse	36.390.000	34.545.000	1.845.000	5,34
Pleie- og omsorgsavd.	105.020.000	101.730.000	3.290.000	3,23
Bu- og habiliteringsavd.	37.810.000	36.285.000	1.525.000	4,20
Sosial og flyktning (NAV)	9.430.000	9.520.000	-90.000	- 0,94
Kulturavdelinga	8.945.000	8.020.000	925.000	11,53
Utviklingsavdelinga	6.350.000	6.330.000	20.000	0,31
Anleggs- og driftsavd.	16.610.000	16.240.000	370.000	2,28
Eigedomsavdelinga	17.775.000	15.140.000	2.635.000	17,40
Skatt, finans, ramme, Pensjonsavvik, avskriv.	(443.125.000)	(451.735.000)	8.610.000	1,90
Sum	5.725.000	-	5.725.000	

(Ein gjer merksam på at dette er ei førebels oversikt og det vil kome endringar etter kvart. Dette vil bl.a. gjelde salderingar, inntektstauker, samt kva tiltak formannskapet ynskjer å ha med vidare i budsjettprosessen.) Her har ein også gått for statens prognose når det gjeld skatt og ramme for 2015.

Differansen mellom avdelingane sine budsjettforslag og tildelt ramma skuldast bl.a.:

Økonomiavdelinga

Auken kjem av bl.a. auka løns og pensjonskostnadar i samband med overgang frå interkommunal til kommunal stilling.

Helseavdelinga

Lønn og pensjon er hovudgrunnen til veksten i tillegg til barnevern.

Pleie- og omsorgsavdelinga

Auken skuldast auke i fast løn, pensjonsgjevande tillegg, pensjon og arbeidsgjevaravgift.

Bu- og habiliteringsavdelinga

Veksten i budsjettet skuldast i hovudsak lønns- og sosiale kostnader og betaling til private

Kulturavdelinga

Den viktigaste grunnen er nok knytt opp mot drifta av konserthus og kino med tanke på dei tilsette.

Anleggs- og driftsavdelinga

Lønn og pensjon, brannvern og driftsavtalar med idrettslag.

Eigedomsavdelinga

Drifta av Fosnavåg Konserthus er ein viktig årsak til auken.

3.3 Føresetnader for 2014 budsjettet

Statsbudsjettet legg opp til ein vekst i dei frie inntektene på om lag 7,0 mill kr for Herøy kommune.

Skatt/ramme

Statsbudsjettet legg opp til at det kommunale skatteøret vert redusert med 0,15 i høve til 2014.

Løns- og prisvekst

I budsjettet for 2014 har avdelingane lagt til grunn lønsnivået per juli/august 2014. Det er ikkje korrigert for lokale tillegg gitt hausten 2014. I tillegg har avdelingane fått auka sine lønsbudsjett tilsvarande 2,75 % p.a. av faste løner. Når det gjeld KLP har ein førebels budsjettert med ein kostnad på 20,5 og 21,3 (sjukepleiarar), men det kan vere at også dette vert for lite (i tillegg kjem 2% frå arbeidstakarane), for SPK har ein budsjettert med ein kostnad på 12,5% og arbeidsgjevaravgifta er budsjettert med 14,1%.

Dei reelle kostnadane til KLP er nok opp mot 23-25% av samla lønn + arbeidstakars del på 2%. Likviditetsmessig vert dette ei stor utfordring, Rekneskapsmessig skal meir kostnaden på totalt om lag 15,0 mill kr førast som premieavvik og utgiftsførast i rekneskapen dei neste 10 åra.

I Statsbudsjettet har ein rekna med ein auke i Konsumprisindeksen på tundt 1,8% for 2015. Vi har lagt oss på same nivå på alle driftskostnadane.

Renter og avdrag

Som nemnt tidlegare i saka er rentenivået i endring. Vi har tatt fast rente på ein god del av låna. For dei låna vi har igjen med flytande rente har vi budsjettert med 3,0%. Avdraga har vi forsøkt budsjettert etter minsteavdragsprinsippet. Her kan ein ha bomma litt med omsyn til faktorar som tilgong/avgong av eigedelar i balansen og unytta lånemidlar ved årsskiftet.

3.4 Målsetting økonomi

Overordna mål

- Netto driftsresultat skal samla sett vere 3 % av driftsinntektene.
- Alle drifts- og investeringstiltak skal som hovudregel ha positiv kost/nytte

Når det gjeld finansielle nøkkeltal, vert det vist til vedlegg.

3.5 Mål og tiltak på teneste, organisasjon og lokalsamfunn

3.5.1 Teneste:

Overordna mål

- Tenesteyting og sakshandsaming i samsvar med lov- og regelverk
- Kvalitetsdokumentasjon og avviksregistrering/-oppfølging skal systematisk handsamast i kommunen sitt kvalitetssystem.
- Resultat av brukarundersøking og nasjonale resultatmålingar skal vere over landssnittet og elles betrast i samsvar med tiltak
- Omgjorde vedtak ved klageorganet si klagehandsaming skal vere eit minimum

Når det gjeld nærare omtale av dei enkelte avdelingane, vert det vist til vedlegg.

3.5.2 Organisasjon

Overordna mål

- Alle medarbeidarane skal oppleve Herøy kommune som ein god arbeidsplass der det er lagt til rette for trivsel og motivasjon i tråd med arbeidsgjevarpolitikken sine mål.
- Auka nærver i samsvar med målsettinga i IA-avtalen og totalt på heile kommunen minimum 92 %.
- Avgrense tidlegavgang: Flest mogleg og minst 90 % av dei som fyller 62 år skal stå i arbeid fram til fylte 65 år. Flest mogleg og minst 50 % av desse skal stå i arbeid fram til fylte 67 år.

Arbeidet med arbeidsgjevarpolitikken må ha langsiktig perspektiv der ein ser samanhengen mellom trivsel og motivasjon hos arbeidstakarane med gode og effektive tenester. Det er nødvendig å halde fram med utvikling av systemet med leiardialog der krav, attendemelding og tilrettelegging er sett i system. Eit kommunestyre og administrativ leing som forpliktar seg på verdiane i arbeidsgjevarpolitikken og stiller krav om det same hos dei tilsette, er ein føresetnad for ein gjennomgåande felles kultur.

Stab/støtteavdelingane

Stab/støtteavdelingane omfattar fellessekretariatet, IKT, personalavdelinga, servicetorget og økonomiavdelinga.

Utfordringar

- Balanse mellom oppgåver og tilgjengelege ressursar/tid
- Kapasitet til å følgje opp utviklinga og forventningane innanfor IKT.
- Kapasitet til å følgje opp krav og forventningar innanfor personalområdet.
- Kompetanseutviklingstiltak
- Vidareutvikle leiarskap og medarbeidarskap

- Rekrutteringstiltak
- Finansiere og aktivt bruke verkemiddel for å førebygge og redusere sjukefråver
- Trekke fram positive hendingar og etablere fellesarenaer for omdømebygging og kulturbygging

3.5.3 Lokalsamfunn

Overordna mål

- Herøy kommune skal vere ein attraktiv kommune å besøke, bu og arbeide i.
- Innbyggjarane, frivillige organisasjonar og næringsliv er tilfredse med kommunen si rolle som tilretteleggjar for trivsel og utvikling og kommunen si rolle som samfunnsbyggjar
- Herøy kommune skal vere ein trygg kommune for alle som bur og oppheld seg i kommunen, og kommunen skal ha god beredskap mot aktuelle kriser og uønska hendingar.

Satsingsområde:

Satsingsområda for lokalsamfunnsutviklinga går fram av samfunnsdelen av kommuneplanen.

3.6 Usikre faktorar


I talgrunnlaget har ein lagt til grunn stabile føresetnader m.o.t. bl.a. lønn og driftskostnadar. Ein føreset også at statens rammeføresetnadar er forutsigbare, sjølv om det har synt seg å ikkje stemme heilt dei 2 siste åra.

Usikre faktorar vil m.a. vere:

- Skatteinntektene og rammetilskotet
- Overføring av tilskot til private barnehagar
- Pensjonspremien og pensjonsavviket/amortiseringa av pensjonsavviket
- Rentenivå
- Avdragskostnadane
- Lønsoppgjeret
- Resultatet i rekneskapen for 2014.
- Skjør balansesituasjon

3.7 Årshjulet

Årshjul Herøy kommune



Fosnavåg, 26.09.2014

Erlend Krumsvik
Rådmann

Geir Egil Olsen
Avd.leiar

Sakshandsamar: Geir Egil Olsen

**SAMANSTILLING OVER
BRUTTO UTGIFTER,
BRUTTO INNTEKTER
OG NETTO
KOSTNADAR 2015 OG
2014**

	Brutto Utgifter 2015	Brutto Inntekter 2015	Netto kostnader 2015	Brutto Utgifter 2014	Brutto Inntekter 2014	Netto kostnader 2014	Diff. Utg 2015-2014	Diff innt. 2015 - 2014	Netto dr utg. 2015-2014
Politisk leiging (folkevalde)	3 725 000	45 000	3 680 000	3 735 000	40 000	3 695 000	-10 000	5 000	-15 000
Administrativ leiging	6 330 000	2 890 000	3 440 000	5 825 000	2 505 000	3 320 000	505 000	385 000	120 000
Servicetorget	4 185 000	835 000	3 350 000	3 830 000	830 000	3 000 000	355 000	5 000	350 000
Fellessekretariatet	2 410 000	200 000	2 210 000	2 345 000	160 000	2 185 000	65 000	40 000	25 000
Økonomiavdelinga	7 200 000	700 000	6 500 000	6 860 000	700 000	6 160 000	340 000	-	340 000
Personal- og organisasjonsavd.	10 250 000	2 060 000	8 190 000	10 290 000	2 055 000	8 235 000	-40 000	5 000	-45 000
IKT	5 790 000	470 000	5 320 000	5 015 000	465 000	4 550 000	775 000	5 000	770 000
Andre overføringar	34 670 000	25 850 000	8 820 000	34 650 000	25 850 000	8 800 000	20 000	-	20 000
Barnehageavdelinga	65 130 000	3 840 000	61 290 000	65 510 000	3 830 000	61 680 000	-380 000	10 000	-390 000
Grunnskuleavdelinga	125 130 000	17 410 000	107 720 000	126 900 000	17 000 000	109 900 000	-1 770 000	410 000	-2 180 000
Avdeling for barn, familie og helse	46 845 000	10 455 000	36 390 000	45 025 000	10 480 000	34 545 000	1 820 000	-25 000	1 845 000
Pleie. Og omsorgsavdelinga	124 700 000	19 680 000	105 020 000	121 365 000	19 635 000	101 730 000	3 335 000	45 000	3 290 000
Bu- og habiliteringsavdelinga	48 920 000	11 110 000	37 810 000	47 465 000	11 180 000	36 285 000	1 455 000	-70 000	1 525 000
NAV (Sosial og flyktning)	14 795 000	5 365 000	9 430 000	14 885 000	5 365 000	9 520 000	-90 000	-	-90 000
Kulturavdelinga	18 515 000	9 570 000	8 945 000	15 250 000	7 230 000	8 020 000	3 265 000	2 340 000	925 000
Utviklingsavdelinga	8 735 000	2 385 000	6 350 000	8 710 000	2 380 000	6 330 000	25 000	5 000	20 000
Anleggs- og driftsavdelinga	39 805 000	23 195 000	16 610 000	37 495 000	21 255 000	16 240 000	2 310 000	1 940 000	370 000
Eigedomsavdelinga	32 520 000	14 745 000	17 775 000	29 505 000	14 365 000	15 140 000	3 015 000	380 000	2 635 000
Samhandlingsreforma	295 000	295 000	-	12 685 000	285 000	12 400 000	-12 390 000	10 000	-12 400 000
Skatt, ramme, finans	44 540 000	480 100 000	-435 560 000	40 705 000	492 440 000	-451 735 000	3 835 000	-12 340 000	16 175 000
Sum	644 490 000	631 200 000	13 290 000	638 050 000	638 050 000	-	6 440 000	-6 850 000	13 290 000

**Forslag til nye
driftstiltak
2015-2018**

2015 Økonomiplan 2015 - 2018					
prioritering av tiltak					
Tiltak	Totalkostnad	Tilskott	Eigenkapital	Lån	Kommentar
Driftstiltak					
Val	350 000		350 000		Må
Driftsutgifter kontrollutvalet	40 000		40 000		
20% årsverk Fellessekretariatet	110 000		110 000		
Pers- og org avd. Overlapping i 3 mnd	160 000		160 000		
Support Tidsbanken	20 000		20 000		
Auka driftskostnader SSIKT	600 000		600 000		
Diakon Herøy kyrkje	500 000		500 000		
Auka driftskost Herøy kyrkjelege fellesråd	75 000		75 000		
Auka vedlikehald Kyrkjene i Herøy	75 000		75 000		
Auka vedlikehald gravplassane i Herøy	50 000		50 000		
Turistinformasjon på Runde (grendalaget)	250 000		250 000		
Auka kommunalt tilskott priv barnehagar	4 900 000		4 900 000		
Assistent/fagarbeidar 100% i barnehageavd.	490 000		490 000		
Auka 50% personalressurs SFO Bergsøy skule	260 000		260 000		
Kommunalt foreldreutval	25 000		25 000		
Kompetansmidlar skuleavd	200 000		200 000		
Elevar med 1-1 bemanning. Januar-juli	380 000		380 000		
Valfag 10 trinn ungd. Skulen. Heilårsverknad	250 000		250 000		
Auka premie til Norsk pasientskadeerstatning	70 000		70 000		
Helsestasjon og skulehelsetenesta. Opptopping	400 000		400 000		
Avtalar fysioterapi pleie- og omsorg	60 000		60 000		
Barnevern. Auka eige del institusjonsopphald	270 000		270 000		
Behandling i utlandet (lege, fysioterapi m.m.)	120 000		120 000		
Driftsavtaler fysikalsk behandling	170 000		170 000		
Godtgjering fosterheim	305 000		305 000		
Godtgjering sjølvstendig næringsdrivande	-70 000		-70 000		
Interkommunal jordmorteneste	85 000		85 000		
Kontorutgifter Herøy legesenter	15 000		15 000		
Legevaktformidling	70 000		70 000		
Matvarer dagsenter	30 000		30 000		
Nattlegevakt Volda	540 000		540 000		
Auka reiseutgifter Herøy legesenter	15 000		15 000		
Auka reiseutgifter psykisk helse	10 000		10 000		
Auka reiseutgifter dagsenter	10 000		10 000		
Reduserte straumkostnader helsesenter	-25 000		-25 000		
Auka utgifter tolketeneste, helseavd.	40 000		40 000		
Auke i Utgiftsdekning fosterheim	185 000		185 000		
Auka vikar- og ferievikarutg. Herøy legesenter	95 000		95 000		
100% stilling kreftsjukepleiar	740 000		740 000		
Arbeidskle til heimetenestene	190 000		190 000		Må

2015

Auka løn støttekontakt i PO jfr k-styrevedtak	170 000	170 000	
Medisinsk oppslagsverk PO og BuHab	20 000	20 000	
Auka stillingar i heimetenesene	1 520 000	1 520 000	
Fjerne kjøregodtgjering støttekontaktar PO	-165 000	-165 000	
Generell rammeinnsparing PO	-500 000	-500 000	
Samhandlingsreforma. Auka dr.utg. pasientbeh.	200 000	200 000	
Auka transportutgifter dagsenter PO	120 000	120 000	
BuHab. Assistentressurs i skule frå hausten 2015	180 000	180 000	
Auka løn til støttekontakter BuHab	140 000	140 000	
Auka inntekter ressurskrevjande brukarar BuHab	-150 000	-150 000	
Driftsmidlar til Toftestøvegen	90 000	90 000	
SAMPRO. Dataprogram	75 000	75 000	
Rammeinnsparing Avlastninga BuHab	-50 000	-50 000	
Netto driftsutgifter per innbygger 1-5 år i kroner, barnehager	120 804	115 060	118 806	118 852	120 137
Netto driftsutgifter til grunnskolesektor (202, 215, 222, 223), per innbygger 6-15 år	94 571	97 758	100 892	98 916	100 469
Netto driftsutgifter pr. innbygger i kroner, kommunehelsetjenesten	2 509	1 881	2 170	2 160	2 134
Netto driftsutgifter pr. innbygger i kroner, pleie- og omsorgstjenesten	13 941	13 900	17 142	15 561	15 296
Netto driftsutgifter til sosialtjenesten pr. innbygger 20-66 år	2 357	2 665	2 258	2 975	3 320
Netto driftsutgifter per innbygger 0-17 år, barnevernstjenesten	5 976	6 921	6 527	7 194	7 298
Netto driftsutgifter til administrasjon og styring i kr. pr. innb.	3 726	3 681	4 072	4 036	3 792
Dekningsgrad					
Andel barn 1-5 år med barnehageplass	96,6	91,1	92,6	90,8	90,0
Andel elever i grunnskolen som får spesialundervisning	6,7	8,8	8,9	8,4	8,3
Legeårsverk pr 10 000 innbyggere, kommunehelsetjenesten	13,0	9,2	10,7	10,2	10,2
Fysioterapiårsverk per 10 000 innbyggere, kommunehelsetjenesten	8,3	9,1	8,3	8,9	8,9
Andel mottakere av hjemmetjenester over 67 år
Andel plasser i enerom i pleie- og omsorgsinstitusjoner	80,6	92,2	92,7	93,7	93,9
Andel innbyggere 80 år og over som er beboere på institusjon	17,6	11,3	14,8	13,5	13,8
Andelen sosialhjelpsmottakere i alderen 20-66 år, av innbyggerne 20-66 år	3,2	:	:	3,8	3,9
Andel barn med barnevernstiltak ift. innbyggere 0-17 år	5,7	4,7	5,3	4,8	4,8
Sykel-, gangveier/turstier mv. m/kom. driftsansvar per 10 000 innb.	12	38	45	60	56
Kommunalt disponerte boliger per 1000 innbyggere	..	17	21	21	21



C. Barnehager - kvalitet

Reviderte tall per 13.08.2014

	Herøy 2013	Kostragruppe 08 2013	Møre og Romsdal 2013	Landet uten Oslo 2013	Landet 2013
Andel barn 1-5 år med barnehageplass	96,6	91,1	92,6	90,8	90,0
Andel barn 1-2 år med barnehageplass i forhold til innbyggere 1-2 år	91,3	81,2	84,1	80,8	79,8
Andel barn 3-5 år med barnehageplass i forhold til innbyggere 3-5 år	100,3	97,4	98,0	97,1	96,5
Tilgjengelighet					
Andel barnehager med åpningstid fra 0 inntil 6 timer per dag	-	0,2	-	0,1	0,2
Andel barnehager med åpningstid fra 6 inntil 9 timer per dag	-	4,3	0,7	4,7	5,9
Andel barnehager med åpningstid fra 9 inntil 10 timer per dag	-	45,4	53,3	59,8	61,8
Andel barnehager med åpningstid 10 timer eller mer per dag	100,0	49,9	46,1	35,4	32,0
Andel styrere og pedagogiske ledere med godkjent barnehagelærerutdanning	79,7	88,7	82,5	88,4	87,3
Andel assistenter med barne- og ungdomsarbeiderfag, barnehagelærer- eller annen pedagogisk utdanning	17,0	26,6	28,8	30,2	28,5
Leke- og oppholdsareal per barn i barnehage (m2)	4,8	5,4	5,6	5,6	5,5

© Statistisk sentralbyrå



D. Grunnskoleopplæring - kvalitet

Reviderte tall per 13.08.2014

	Herøy 2013	Kostragruppe 08 2013	Møre og Romsdal 2013	Landet uten Oslo 2013	Landet 2013
Gjennomsnittlige grunnskolepoeng	38,8	..	40,1	40,0	40,0
Andel elever med direkte overgang fra grunnskole til videregående opplæring	99,2	98,0	98,3	98,0	97,8
Andel av 6 åringer som fortsetter i SFO andre året	89,4	92,8	97,3	95,0	95,3
Gjennomsnittlig gruppestørrelse, 1.-10.årstrinn	13,7	13,8	13,2	13,5	13,7

© Statistisk sentralbyrå



E. Kommnehelse - kvalitet

Reviderte tall per 13.08.2014

	Herøy 2013	Kostragruppe 08 2013	Møre og Romsdal 2013	Landet uten Oslo 2013	Landet 2013
Åpningstid ved helsestasjon for ungdom. Sum timer per uke.	2
Andel nyfødte med hjemmebesøk innen to uker etter hjemkomst	111	91	91	85	81
Legetimer pr. uke pr. beboer i sykehjem	0,32	0,43	0,41	0,47	0,46
Fysioterapitimer pr. uke pr. beboer i sykehjem	0,25	0,41	0,25	0,37	0,38

© Statistisk sentralbyrå



F. Pleie og omsorg - kvalitet

Reviderte tall per 13.08.2014

	Herøy 2013	Kostragruppe 08 2013	Møre og Romsdal 2013	Landet uten Oslo 2013	Landet 2013
Legetimer pr. uke pr. beboer i sykehjem	0,32	0,43	0,41	0,47	0,46
Fysioterapitimer pr. uke pr. beboer i sykehjem	0,25	0,41	0,25	0,37	0,38
Andel plasser i enerom i pleie- og omsorgsinstitusjoner	80,6	92,2	92,7	93,7	93,9
Andel plasser i brukertilpasset enerom m/ eget bad/wc	56,3	81,5	80,4	81,9	79,9
System for brukerundersøkelser i institusjon	Nei
System for brukerundersøkelser i hjemmetjenesten	Nei
Andel årsverk i brukerrettede tjenester m/ fagutdanning	78	76	76	75	74
Andel årsverk i brukerrettede tjenester m/ fagutdanning fra videregående skole	42	42	42	41	41
Andel årsverk i brukerrettede tjenester m/ fagutdanning fra høyskole/universitet	36	35	33	34	34
Andel legemeldt sykefravær av totalt antall kommunale årsverk i brukerrettet tjeneste	7,9	8,8	8,4	8,6	8,6

© Statistisk sentralbyrå



G. Sosialtjenesten - kvalitet
Reviderte tall per 13.08.2014

	Herøy 2013	Kostragruppe 08 2013	Møre og Romsdal 2013	Landet uten Oslo 2013	Landet 2013
Gjennomsnittlig stønadslengde mottakere 18-24 år	3,5	:	:
Gjennomsnittlig stønadslengde mottakere 25-66 år	3,9	:	:
Andelen sosialhjelpsmottakere 18-24 år, av innbyggerne 18-24 år	5,3	:	:

© Statistisk sentralbyrå



H. Barnevern - kvalitet

Reviderte tall per 13.08.2014

	Herøy 2013	Kostragruppe 08 2013	Møre og Romsdal 2013	Landet uten Oslo 2013	Landet 2013
System for brukerundersøkelser i barnevernstjenesten	Ja
Benyttet brukerundersøkelse siste år	Nei
Innført internkontroll i barnevernstjenesten	Ja
Andel undersøkelser med behandlingstid over tre måneder	30,7	21,1	31,5	27,3	24,9
Stillinger med fagutdanning per 1 000 barn 0-17 år	3,2	3,5	3,4	3,9	3,9

© Statistisk sentralbyrå



I. Avfall og renovasjon - kvalitet

Reviderte tall per 13.08.2014

	Herøy 2013	Kostragruppe 08 2013	Møre og Romsdal 2013	Landet uten Oslo 2013	Landet 2013
Antall muligheter abonnenten har til å påvirke gebyret	2	2	5	4	4
Dager pr år med utvidet åpningstid for mottak av avfall	144	111	56	71	71
Antall hentinger av avfall som inneholder matavfall, pr år	26	36	45	34	35

© [Statistisk sentralbyrå](#)



I. Avløp - kvalitet

Reviderte tall per 13.08.2014

	Herøy 2013	Kostragruppe 08 2013	Møre og Romsdal 2013	Landet uten Oslo 2013	Landet 2013
Andel innbyggere tilknyttet anlegg der rensekrav er oppfylt	71,2	..	62,1	37,6	31,7
Andel innbyggere tilknyttet anlegg der rensekrav ikke er oppfylt	1,0	41,1	50,3
Andel innbyggere tilknyttet anlegg der oppfyllelse av rensekrav ikke kan vurderes	28,8	..	36,9	21,3	18,0
Antall kloakkstopper i avløpsledninger og kummer per kilometer spillvannsnett	0,024	..	0,043	0,057	0,058
Andel fornyet spillvannsnett, gjennomsnitt for siste tre år	0,15	..	0,35	0,43	0,46

© Statistisk sentralbyrå



K. Kultur - kvalitet

Reviderte tall per 13.08.2014

	Herøy 2013	Kostragruppe 08 2013	Møre og Romsdal 2013	Landet uten Oslo 2013	Landet 2013
Besøk i folkebibliotek per innbygger	3,2	4,3	3,2	4,3	4,2
Utlån alle medier fra folkebibliotek per innbygger	3,1	4,2	3,8	4,7	4,7
Tilvekst alle medier i folkebibliotek per 1000 innbygger	166	199	250	232	219
Netto driftsutgifter for kultursektoren per innbygger i kroner	2 012	1 588	1 706	1 906	1 948

© Statistisk sentralbyrå



L. Kirke - kvalitet

Reviderte tall per 13.08.2014

	Herøy 2013	Kostragruppe 08 2013	Møre og Romsdal 2013	Landet uten Oslo 2013	Landet 2013
Medlem av Dnk i prosent av antall innbyggere	81,9	77,9	83,4	77,8	74,9
Døpte i prosent av antall fødte	103,8	73,2	84,7	68,7	62,0
Konfirmerte i prosent av 15-åringer	90,7	67,1	81,5	66,6	63,6
Deltakelse, gudstjenester søn- og helligdag pr. innbygger	1,5	1,0	1,3	1,0	0,9
Gudstjenester pr. 1000 innbygger	12,8	11,5	14,8	13,2	12,5
Konserter og kulturarrangementer pr. 1000 innbygger	3,1	2,2	2,4	2,5	2,4
Netto driftsutgifter til funksjon 390,393 pr. innbygger i kroner	650	497	625	554	521

© Statistisk sentralbyrå

**M. Samferdsel - kvalitet**

Reviderte tall per 13.08.2014

	Herøy 2013	Kostragruppe 08 2013	Møre og Romsdal 2013	Landet uten Oslo 2013	Landet 2013
Andel kommunale veier og gater uten fast dekke	-1,1	24,8	29,4	33,7	33,1
Antall parkeringsplasser skiltet for forflytningshemmede pr. 10 000 innbygger	47	15	21	14	14

© Statistisk sentralbyrå



P. Brann- og ulykkesvern - kvalitet
Reviderte tall per 13.08.2014

	-norsk-publiseringsstittel-verdi- ->				
Antall boligbranner pr. 1000 innbyggere	0,23	0,59	0,46	0,57	0,56
Andel A-objekter som har fått tilsyn	10,6	74,6	78,6	79,5	81,9
Andel piper feiet	50,0	35,8	45,4	42,5	41,3
Andel personer med kompetanse som fører tilsyn med særskilte brannobjekter	100,0	..	87,5	91,6	91,4
Tjenestedata for 2013-årgangen inkluderer alle innsendte data til DSB per 8.mai 2014. Det er lagt inn tjenestedata fra den siste innrapporterte årgangen for flere kommuner. For kommunene 0631 Flesberg, 1141 Finnøy, 1430 Gaular, 1613 Snillfjord, 1617 Hitra, 1638 Orkdal, 1657 Skaun, 1749 Flatanger, 1818 Herøy, 2028 Båtsfjord er 2012-årgangen benyttet. For 1870 Sortland kommune er tjenestedata for 2010 benyttet.					

© Statistisk sentralbyrå



Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	AZT	Arkivsaknr:	2013/7
		Arkiv:	L12

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
193/14	Formannskapet	04.11.2014

DETALJREGULERING FOR LANTERNEN MARINA AS - SPØRSMÅL OM OPPSTART AV PLANARBEID OG TOMTEDISPONERING I OMRÅDET

Tilråding frå rådmannen:

1. Formannskapet godkjenner at tomtediskonering som vist i skisse av 16.10.2014 frå AG Plan og Arkitektur AS for området Lanternen Marina AS, vert lagt til grunn i vidare planarbeid med reguleringsplan for området.
2. Det skal i planarbeidet leggast vekt på å finne løysingar som sikrar avbøtande tiltak i høve skissert terrenginngrep.
3. Plankonsulent må varsle oppstart av planarbeid med detaljreguleringsplan etter reglane i plan- og bygningslova.

Særutskrift:

- Utviklingsavdelinga, her
- AG Plan & Arkitektur AS
- Lanternen AS v/ Kåre Jensholm

Vedlegg:

- 01– Notat og skisse for tomtediskonering frå AG Plan og Arkitektur, datert 16.10.14.
- 02- Framlegg til tomtediskonering frå AG Plan og Arkitektur AS, datert 13.06.14.
- 03 - Skisse tomtediskonering frå AG Plan og Arkitektur AS, datert 13.06.14.
- 04 - F-sak 142/13 – Retningslinjer for oppstart av planarbeid for området
- 05 - Plangrense for reguleringsendring av området, datert 23.07.13.
- 06 - Prinsipp-skisser for utnytting av området
- 07 - Bileter frå synfaring i området 11.07.14.

Saksopplysningar:

Formannskapet behandla i F-sak 142/13 søknad om oppstart av planarbeid for eit avgrensa område på Jensholmen. I møte av 14.06.2014 blei det gitt løyve til oppstart av planarbeid under nærare vilkår som går fram av vedlagt vedtak frå Formannskapet i F-sak 142/13.

Utviklingsavdelinga har no motteke førespurnad frå AG Plan og Arkitektur AS, på vegne av Kåre Jensholm, med framlegg til tomtediskonering på gnr 42 bnr 1. I førespurnad frå plankonsulent blir det vist til at det er behov for steinmasser til utfylling og ferdigstilling av det pågåande arbeidet med moloen i området, som det blir hevda står på skade. Plankonsulent hevdar at nye naust, slik dei er tenkt plassert på skissa, vil frigi lausmasser som kan nyttast til fullføring av moloarbeidet. Det blir søknaden vist til at ferdigstilling av moloen er avhengig av tilgang på stein.

Plankonsulent skisserer ei løysing med 4 naustrekke plassert nord i området og ei naustrekke plassert på arealet avsett til «kai» orientert mot hamnebassenget (innanfor moloen), der kvart av nausta i rekke har ei grunnflate på 10x5 meter. Nausta er tenkt plassert på kote + 3.0 m.o.h. Naustrekke i nord er tenkt plassert på fylling i sjø. Det blir vist til at ytterkant fylling fyl kant på eksisterande fylling ved landfeste til moloen, og at det vest for moloen er forholdsvis grunt som gjer det lettare med utfylling her. Fjellskjeringar og inngrep i haugen sør for nausta er tenkt terrassert og dekkja med vegetasjon. Det blir nemnt i søknad at for naust som ligg ut mot sjøen kan loft innreiast. Plankonsulent opplyser om at eksisterande naustrekke aust på Jensholmen vert teke med i planområdet for få regulert inn desse med rett plassering (avvik mellom regulert plassering i plan og plassering av dei oppførte nausta).

Tiltakshavar ynskjer ei synfaring i området saman med planutvalet. Administrasjonen har i samband med saksførebuinga gjennomført ei synfaring i området den 11.07.2014. Bileter frå synfaringa ligg ved denne saka.

Utviklingsavdelinga utarbeidde skisse med planlagt inngrepsgrense og forslag til tomtediskonering for området og sende dette over for kommentar/vurdering hjå plankonsulent / tiltakshavar.

Den 16.10.2014 mottok administrasjonen forslag til avgrensing av planområde og tomtediskonering for området Lanternen Marina AS.

Vurdering og konklusjon:

Rådmannen viser til tidlegare signal og at ein vil sterkt frårå at det blir utarbeidd reguleringsplan, der nye naustrekkjer vert plassert nord for «haugen» på Jensholmen. Dette av omsyn til negative verknader for kystlandskapet mot hovudskipsleia. Rådmannen viser til at friområdet mot sjøen i dag stort sett har blitt haldt fri for terrenginngrep (med unntak av molo og fylling ved molofeste). Strandsona i nord på Jensholmen, med unntak av området rundt molofeste, representerer ei forholdsvis urøyrd sone mot Røyrasundet og hovudskipsleida. Plassering av bygningar vil her gripe sterkt inn i eksisterande kystlandskap og medføre «sår» i terrenget og ei uheldig utfylling i strandsona. Dette vil kunne bli oppfatta som negativt for dagens kystlandskap i området og skjeringar i fjellformasjonen vil framstå som sterkt visuell og tydelege «sår» i landskapet. Dette vil vere spesielt eksponert frå sjøsida og for passerande skipstrafikk i området. Samla sett vil tiltaket krevje ei uheldig omdisponering av det regulerte friområdet i området – som også har som formål å bevare eit naturleg kystlandskapet mot skipsleida. Av estetiske omsyn ser ein det som viktig at dette blir vidareført i komande planarbeid.

Når det gjeld framtidig plassering av nye naust, kan rådmannen tilrå at desse i planarbeidet blir plassert etter mønster som vist på vedlagt skisse frå AG av 16.10.2014, med tilhøyrande parkering og intern tilkomstveg. Eit vilkår for sistnemnde tomtedisponering er at terrenget vert tilplanta og re-etablert med jordmasser og at desse avbøtande tiltaka vert sikra gjennomført ved rekkjefølgjebestemmelsar i planen.

Rådmannen legg vekt på at siste skisse frå plankonsulent (av 16.10.2014) langt på veg er i samsvar med kommunen sitt syn på utvikling av området for Lanternen Marina AS. Ved å konsentrere framtidig naustbebyggelse på aust / sørsida av «haugen» vil det vere mogleg å kunne bevare mesteparten av kystlandskapet mot skipsleia, samstundes som ein kan få plass til nye naust og få tilgang til steinmasser for fullføring av moloen.

Når det gjeld steinmasser og ferdigstilling av molo, viser rådmannen til at den skisserte tomtedisponeringa medfører at ein tillet at noko av friområdet vert omdisponert til utbyggingsformål. Det vert her lagt vekt på at det i dette området er gjort inngrep frå før og at det er skissert re-etablert med tilplanting og etablering av skråning med jordmasser.

Konsekvensar for folkehelse:

Ingen

Konsekvensar for beredskap:

Ingen

Konsekvensar for drift:

Ingen

Fosnavåg, 20.10.2014

Erlend Krumsvik
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Aleksander Zahl Tarberg

AG Plan og Arkitektur AS

Rådgjevande arkitekt og ingeniør *NPA *MNAL*MNIF

Ørsta 13.06.2014

Herøy kommune
Planutvalet
Pb 274
6099 Fosnavåg

Planlagt reguleringsendring for Jensholmen - Framlegg til tomte disponering på gnr 42 bnr 1

Viser til vårt skriv til planutvalet 14.06.2013 og tilbakemelding frå fellessekretariatet datert 22.08.2013. Tilbakemeldinga her var at nye naust ikkje skal plasserast på molo og tiltakshavar vart beden om å finne alternativ plassering for nye naust.

Dei planlagde nausta er avgjerande for ferdigstilling av molo som no står på skade. Ved realisering av naust får ein friggitt lausmassar som kan nyttast som fylling. Slik situasjonen er no står hamna på austsida utan beskyttelse. Ferdigstilling avheng av tilgang på stein. Jensholmen er planlagt å verte Sunnmøres største båthamn med over 500 båtplassar og opp i 120 naust. Anlegget vil legge til rette for at fleire kan feriere ved sjøen i Herøy/på Ytre sunnmøre.

Det er planlagt naust/sjøbuder av ulik storleik og ein vil slik kunne gi ei tilbod for dei fleste behov. Grunnflata på eit naust er 10x5m. Nausta kan så underdelast i 2-4 delar. For nausta som ligg ut mot sjøen kan loft innreiast. Nausta er planlagt plasserte på ca kote c + 3.

Vedlagte skisse viser alternativ plassering av naust på nordsida av toppen av øya. Nausta er lagt på fylling uti sundet for å få minst mulig skjering inn mot kollen. Ytterkant fylling fyl no kant på eksisterande fylling ved landfestet for moloen. Vest for moloen er det forholdsvis grunt, noko som gjer det lettare å fylle opp her. Fjellskjeringane er tenkte terrassererte eller med stingning 1:1, torv/vegetasjonsdekke vert tilbakeført.

Eksisterande nausttrekkjer aust på Jensholmen vert tekne med i planområdet for å få rett plassering på naust i reguleringsplanen (nausta er ikkje bygde i tråd med gjeldande regulering).

I denne omgang kjem ikkje tiltakshavar til å ta med eventuell framtidig kafe på toppen av holmen. Slik naust no er plasserte mot nord vil der vere att tilstrekkeleg med areal for evt. nytt kafebygg plassert her.

Tiltakshavar bed om synfaring på tomte i samband med møte i planutvalet.

Med venleg helsing


Kåre Gjengedal
Siv.ing./planleggar

Vedlegg: 2094-skisse tomte disponering 02.06.2014

Kopi:


- Tiltakshavar: Kåre Jensholm

AG Plan og Arkitektur AS
Webjørn Svendsen gate 12
6150 ØRSTA
Besøksadr: Webjørn Svendsen gate 12
6150 ØRSTA

Telefon: 70 06 16 00
www.agplan.no
firmapost@agplan.no



Sentral Godkjenning: 2002011841
Org.nr: 884 182 042 MVA

ARKITEKTUR • AREALPLANLEGGING • VEGPLANLEGGING • VATN- OG AVLØPSANLEGG • ANDRE ANLEGG OG
KONSTRUKSJONAR • PROSJEKTLIING • BYGGJELEIING •



REVISJON	TEGNINGSNUMMER
----------	----------------

TITTEL SKISSE TOMTEDSPONERING

-  PLANLAGDE NAUST
-  VEGETASJONSDEKKE DER TILBAKETØRT

REV	ENDRINGER	SR	DATE

TILGAVNER
KÅRE JENSHOLM
 GJØRSMYR BRUKSMYR KOPPELVEG
 TITTEL SKISSE TOMTEDSPONERING

AG Plan og Arkitektur AS
 Besøksadresse : Wegjarn Svendsengt. 12,
 Postadresse : Wegjarn Svendsengt. 12, 6150 Ørsta
 Tlf. 70 06 16 00
 E-post: firmapost@agplan.no
arkitektbedriftene



SEKJØR	FLUKK	MÅL
BILL		1:1000
TEGNET	KONTROLL	DATE
REVISJON	TEGNINGSNUMMER	02.06.2014



AG Plan & Arkitektur AS

Webjørn Svendsens gt. 12
6150 ØRSTA

Saksnr 2013/7	Arkiv L12	Dykkar ref	Avd /sakshandsamar FEL / LME	Dato 22.08.2013
------------------	--------------	------------	---------------------------------	--------------------

**F-SAK 142/13: DETALJREGULERING FOR LANTERNEN MARINA AS -
SPØRSMÅL OM OPPSTART AV PRIVAT PLANARBEID**

Vedlag følger:

- F-sak 142/13.

Herøy formannskap har den 20.08.2013 gjort slikt vedtak i saka:

«Formannskapet vedtek, i medhald av PBL § 12-8, at det vert gjeve løyve til oppstart av arbeid med detaljreguleringsplan/reguleringsendring for «Lanternen Marina AS gnr 42 bnr 1 m.fleire» i Herøy kommune.

Oppstart av planarbeid skal skje innanfor plangrensa som vist i kartvedlegg 2 og under følgjande retningslinjer:

1. Dersom det er aktuelt med arealformål for drivstoffanlegg til småbåtar innanfor planområdet, skal dette lokaliserast i nærleiken av eksisterande servicebygg og kai i gjeldande reguleringsplan.
2. Av omsyn til risiko og sårbarheit (ROS) og negative landskapsverknader, skal ikkje nye naust lokaliserast på eksisterande molo innanfor planområdet. Ei vidare utvikling av nye naust innanfor planområdet må finne stad gjennom ei alternativ lokalisering.
3. Gjennom det vidare planarbeidet må det leggest vekt på å gjere strandsona på nordsida av planområdet er tilgjengeleg for ålmenta.
4. Ved ei lokalisering av nytt kafelokale innanfor området «friområde» i eksisterande plan, skal det leggest vekt på å tilpasse ny bygning i høve eksisterande terreng med tanke på; *plassering, arkitektonisk utforming, volum, høgde og materialbruk*. Som ein del av planmateriale skal desse momenta visualiserast gjennom reelle perspektivteikningar og 3D-illustrasjonar.
5. Ved utforming av tilkomstveg til kafelokale og planlegging av parkeringsplassar, skal løysingane byggje på prinsippa om universell utforming. Ev. terrengutslag som følgje av framføring av tilkomstveg skal minimaliserast og det skal vere fokus på avbøtande tiltak.

6. Ein ber om at det vert sett av areal til leikeplass.»

Med helsing

Lisbeth Moltu Espeseth
e.f.

Kopi:
Lanternen AS v/Kåre Jensholm 6070
Utviklingsavdelinga

TJØRVÅG



Utviklingsavdelinga

SAKSPROTOKOLL

-

Sakshandsamar:	AZT	Arkivsaknr:	2013/7
		Arkiv:	L12

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
-------------	-------	----------

DETALJREGULERING FOR LANTERNEN MARINA AS - SPØRSMÅL OM OPPSTART AV PRIVAT PLANARBEID

Tilråding:

Formannskapet vedtek, i medhald av PBL § 12-8, at det vert gjeve løyve til oppstart av arbeid med detaljreguleringsplan/reguleringsendring for «Lanternen Marina AS gnr 42 bnr 1 m.fleire» i Herøy kommune.

Oppstart av planarbeid skal skje innanfor plangrensa som vist i kartvedlegg 2 og under følgjande retningslinjer:

1. Dersom det er aktuelt med arealformål for drivstoffanlegg til småbåtar innanfor planområdet, skal dette lokaliserast i nærleiken av eksisterande servicebygg og kai i gjeldande reguleringsplan.
2. Av omsyn til risiko og sårbarheit (ROS) og negative landskapsverknader, skal ikkje nye naust lokaliserast på eksisterande molo innanfor planområdet. Ei vidare utvikling av nye naust innanfor planområdet må finne stad gjennom ei alternativ lokalisering.
3. Gjennom det vidare planarbeidet må det leggast vekt på å gjere strandsona på nordsida av planområdet er tilgjengeleg for ålmenta.
4. Ved ei lokalisering av nytt kafelokale innanfor området «frioråde» i eksisterande plan, skal det leggast vekt på å tilpasse ny bygning i høve eksisterande terreng med tanke på; *plassering, arkitektonisk utforming, volum, høgde og materialbruk*. Som ein del av planmateriale skal desse momenta visualiserast gjennom reelle perspektivteikningar og 3D-illustrasjonar.
5. Ved utforming av tilkomstveg til kafelokale og planlegging av parkeringsplassar, skal løysingane byggje på prinsippa om universell utforming. Ev. terrengutslag

som følgje av framføring av tilkomstveg skal minimaliserast og det skal vere fokus på avbøtande tiltak.

Møtebehandling:

Planleggarane Aleksander Tarberg og Hallvard Rusten møtte og orienterte i saka.

Krf v/Camilla Storøy Hermansen kom med slikt nytt pkt. 6:

«Ein ber om at det vert sett av areal til leikeplass.»

Rådmannen si tilråding med framlegget frå Krf vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Formannskapet - 20.08.2013

Formannskapet vedtek, i medhald av PBL § 12-8, at det vert gjeve løyve til oppstart av arbeid med detaljreguleringsplan/reguleringsendring for «Lanternen Marina AS gnr 42 bnr 1 m.fleire» i Herøy kommune.

Oppstart av planarbeid skal skje innanfor plangrensa som vist i kartvedlegg 2 og under følgjande retningslinjer:

7. Dersom det er aktuelt med arealformål for drivstoffanlegg til småbåtar innanfor planområdet, skal dette lokalisert i nærleiken av eksisterande servicebygg og kai i gjeldande reguleringsplan.
8. Av omsyn til risiko og sårbarheit (ROS) og negative landskapsverknader, skal ikkje nye naust lokalisert på eksisterande molo innanfor planområdet. Ei vidare utvikling av nye naust innanfor planområdet må finne stad gjennom ei alternativ lokalisering.
9. Gjennom det vidare planarbeidet må det leggjast vekt på å gjere strandsona på nordsida av planområdet er tilgjengeleg for ålmenta.
10. Ved ei lokalisering av nytt kafelokale innanfor området «friområde» i eksisterande plan, skal det leggjast vekt på å tilpasse ny bygning i høve eksisterande terreng med tanke på; *plassering, arkitektonisk utforming, volum, høgd og materialbruk*. Som ein del av planmateriale skal desse momenta visualiserast gjennom reelle perspektivteikningar og 3D-illustrasjonar.
11. Ved utforming av tilkomstveg til kafelokale og planlegging av parkeringsplassar, skal løysingane byggje på prinsippa om universell utforming. Ev. terrengutslag som følgje av framføring av tilkomstveg skal minimaliserast og det skal vere fokus på avbøtande tiltak.
12. Ein ber om at det vert sett av areal til leikeplass.

Særutskrift:

- Utviklingsavdelinga, her
 - AG Plan & Arkitektur AS
 - Lanternen AS v/ Kåre Jensholm
-

Vedlegg:

01 – Søknad om oppstart av planarbeid med vedlegg, 17.06.2013

02 - Kartutsnitt med plangrense M 1:2000

03 - Referat frå oppstartmøte, datert 23.01.2013.

04 - Flyfoto over området, M 1:2500


Saksopplysningar:

AG Plan & Arkitektur AS har med brev av 17.06.2013 og på vegne av Lanternen AS v/ Kåre Jensholm søkt om oppstart av arbeid med detaljregulering for gnr 42 bnr 1 med fleire på Jensholmen i Herøy kommune. Planarbeidet vil generere ei reguleringsendring for deler av eksisterande plan i området. Planområdet er 54,5 daa.

Det omsøkte området ligg på Jensholm og er ein del av eit større småbåtanlegg, kafe og hytteområde sentralt langs FV654 i kommunen. Området har vore regulert gjennom fleire planprosessar tidlegare og er i dag under utvikling med utbygging av molo og flytebrygger. Det eksisterar i dag også eit større naustmiljø i området, samt fleire utleiehytter og kafe/selskapslokale.

Det vart halde oppstartsmøte mellom kommunen, tiltakshavar og plankonsulent på Herøy rådhus den 23.01.2013. I møte kom det fram at tiltakshavar har fleire ynskjer om ei framtidig utvikling av området på Jensholmen, der ein i hovudsak ynskjer å gjere følgjande endringar;

- Flytte dagens kafelokale til eit areal som i dag er regulert til friområde.
 - Etablere ny tilkomstveg til nytt bygg
 - Utvide dagens parkeringsplass
 - Omregulere dagens kafelokale til hotell/overnatting
 - Utvide kaiområde og bygging av fiskeboder
 - Nytt drivstoffanlegg og vassforsyning på den nordlegaste delen av moloen
 - Etablere fiskebrygge på betongbrygge med universell utforming
 - Utvide dagens molo i breidde med ny køyreveg og lokalisering av nye naust
 - Etablere tursti langs strandsona i den nordlege delen for ålmenta
 - Vidareutvikle og byggje fleire naust i vestre del av planområdet og forlengje dagens etablerte molo for skjerming av etablerte båtplassar.
-



Prinsipp skisse for framtidig utvikling av Jensholmen (AG Plan & Arkitektur)

Det har den 25.04.2013 vore gjennomført ei synfaring i området mellom representant frå kommunen, tiltakshavar og plankonsulent etter ynskje frå tiltakshavar. Dette blei gjennomført for å skaffe seg eit visuelt bilete av dei momenta som er skissert i søknad om oppstart av planarbeid.

Vurdering og konklusjon:

Rådmannen vil understreke at ein med omsyn til risiko og sårbarheit (ROS) og beredskap, ikkje vil kunne tilrå at det blir etablert løysingar med nytt drivstoffanlegg på den enden av den utfylte moloen slik det her er søkt om. Området er i dag sterkt prega av båttrafikk i gjennom skipsleida i Røyrasundet og den pågåande utbygginga av småbåtanlegget vil generere stor trafikk i og rundt den aktuelle plasseringa. Den store båttrafikken og nærleiken til skipsleia gjer at eit drivstoffanlegg her vil ligg eksponert til i høve potensielle påkøyrslar av båtar i området. Dersom ei slik hendig med kollisjon til sjøs skulle inntreffe i dette området, vil dette kunne medføre ein fare for eksplosjon og ulukker med alvorlege skader/konsekvensar for liv, helse, miljø, omgjevnadar og materiell.

Den tenkte plasseringa av eit aktuelt drivstoffanlegg er heller ikkje gunstig i høve dei klimatiske forholda på staden. Den aktuelle moloen peikar i nordleg retning mot Røyrasundet og vil vere svært eksponert for ver, bølger og vindforhold. Med vestleg vindretning direkte mot moloen utan ytterlegare skjerming, vil eit naustanlegg i denne plasseringa vere eksponert for skade som følgje av sterk vind og kraftige bølgepåverknader, jfr. dersom nye hendingar med ekstremver skulle inntreffe slik som ved førre orkan (Dagmar). Dette gjeld også for dei planlagde nausta som er tenkt på den aktuelle moloen. Her vil nye bygningar på den aktuelle moloen gi negative landskapsverknader, og framstå som eksponerte framandelement i dagens Kystlandskap.

Ein vil også frårå plassering av drivstoffanlegg ved den skisserte plasseringa av omsyn til forureining til vatn i området. I tidlegare drøftingar har det kome fram ein tanke frå tiltakshavar / konsulent om tanking av drivstoff frå båt.

Av omsyn til risiko for forureining til sjø er dette ei løysing ein ikkje kan tilrå. Tiltaket vil også her kome i kontakt med eit område som blir nytta av hekkande sjøfugl, av omsyn til miljø og leveområda til desse artane vil ein ikkje kunne tilrå ei slik plassering av drivstoffanlegget som det her er skissert.

Med bakgrunn i ovannemnde vil ein rå til at det aktuelle drivstoffanlegget og dei planlagde nausta får ei anna lokalisering innanfor planområdet, ei plassering som gjer desse mindre sårbare for hendingar knytt til skipstrafikk og ekstremver. Dersom det skal etablerast drivstoffanlegg i området bør dette lokaliserast til eit området der risiko for forureining og konsekvensane for sjøfugl i området blir minimalisert.

Når det gjeld forholda som er nemnt i søknaden knytt til flytting og bygging av nytt kafelokale og omregulering av dagens kafe til motell/overnatting, stiller rådmannen seg positiv til denne utviklinga, då dette vil styrke og vidareutvikle fritidstilbodet i kommunen. Ein vil likevel understreke at dersom eit nytt bygg skal plasserast i tråd med det som blir nemnt i søknaden og vist i 3D-illustrasjonar, vil det vere viktig at momenta knytt til plassering av bygning med tilhøyrande anlegg, blir lagt vekt på for å unngå unødig store landskapsinngrep. Ein føreset at det blir lagt vekt på avbøtande tiltak i høve bruk av materiale som kan få bygget til å blende seg inn i terrenget / tilpasse seg omgjevnadane på staden. Vidare ser rådmannen det som viktig at det også blir lagt vekt på å gi evt skjeringar og fyllingar som følgje av framføring av veg, ei estetisk god utforming ved bruk av avbøtande tiltak. Dette kan t.d vere ved bruk av jordmasser i skråningar. Dette for å avdempe dei visuelle verknadane av tiltaka. I høve plassering av nytt kafelokale vil det også vere viktig at ein tenkjer tilgjenge mellom naudsynt parkeringsareal og kafelokale og at dette blir løyst med omsyn til prinsippa om universell utforming.

Rådmannen ser det vidare som viktig for innhaldet og opplysningane i plansaka at momenta knytt til plassering av nytt kafelokale i terrenget, framføring av ny tilkomstveg og etablering av nye parkeringsplassar blir visualisert som ein del av det samla planforslaget.

Rådmannen er samd med dei KU-vurderingane som går fram av søknad om oppstart av planarbeid. Ein ser det ikkje som naudsynt med utarbeiding av planprogram eller KU for gjennomføring av den aktuelle reguleringsendringa.

Ein vil likevel påpeike at konsekvensar av dei momenta som er nemnt i søknaden, samt dei tidlegare spørsmål/tilbakemeldingar som er gjeve frå kommunen i forkant av oppstart av planarbeid, må gå tydeleg fram av planomtalen ved offentleg ettersyn. Særskilt gjeld dette i høve konsekvensar i høve naturmangfaldet i området.

Når det gjeld planavgrensinga er denne no avgrensa ut i frå ei fagleg vurdering av kva som er tilrådeleg. Rådmannen vil påpeike at det komande planarbeidet skal vere i samsvar med kartutsnitt som vist i vedlegg nr 2. Alle spørsmål om endringar/justeringar knytt til plangrensa skal avklarast med Utviklingsavdelinga.

Planarbeidet og planprosessen må elles sjølvstøtt følgje gjeldande reglar for og krav til utarbeiding av ein privat detaljreguleringsplan og det må gjennomførast ei ROS-analyse.

Når det gjeld gjennomføring av dei elementa som er skissert i søknad om oppstart av planarbeid, vil rådmannen framheve at plan- og bygningslova § 12-14 inneheld eit krav om at 5-årsfrist for gjennomføring av private reguleringsplanar. Dette inneberer at dersom eit byggje- og anleggstiltak som er heimla i reguleringsplan ikkje vert sett i gong innan fem år, kan det i utgangspunktet ikkje gjevast byggjeløyve før etter at det er fatta eit nytt planvedtak. For slike vedtak er det krav om gjennomføring av ein ordinær planprosess etter §§ 12-9 til 12-11.

Søknad om forlenging av frist kan rettast av tiltakshavar og forlenging kan gjevast med inntil to år av gongen utan krav om ein ny planprosess.

Konsekvensar for folkehelse:

Tilrettelegging for betre tilgjenge i strandsona vil kunne bidra til auka bruk av dei fysiske omgjevnadane for friluftsliv og rekreasjon. Ein legg vekt på at dette kan ha positive verknader for folkehelse.

Konsekvensar for beredskap:

Ingen særskilde

Konsekvensar for drift:

Ingen særskilde

Ut over ovannemnde moment, har ikkje rådmannen ytterlegare kommentarar til saka på det noverande tidspunkt. Ein vil i medhald av PBL § 12-8 tilrå at det vert gjeve løyve til oppstart av planarbeidet i tråd med ovannemnde saksframstilling og forslag til vedtak.

Fosnavåg, 22.07.2013

Erlend Krumsvik
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Aleksander Zahl Tarberg

Vedlegg nr.

	2
--	---




Sak nr.....

HERØY KOMMUNE

23.07.2013 1:2000

Det kan forekomme feil i kartet


















REVISJON: TEIKNINGSNUMMER

TITTEL: SKISSE TOMTEDSPONERING

-  PLANLAGDE NAUST
-  FJELLSKJERING DER VEGETASJONSDENKE VERT TILBAKEFØRT

REV	DRØKKEN GJELDER	SEI	DATE


TLTANSHAVER
KÅRE JENSHOLM

GJESNUMMER: BESJESNUMMER: KORTLAGE: KORTLAGE
TITTEL: SKISSE TOMTEDSPONERING

AG Plan og Arkitektur AS
 Besøksadresse : Weljorn Svendsengt. 12
 Postadresse : Weljorn Svendsengt. 12, 6150 Ørsta
 Tlf: 70 06 16 00
 E-post: firmapost@agplan.no
arkitektbedriftene



SEMANTIK	FLUKK	MÅL
JBL		1:1000
TEKST	KONTROLL	DATE
REVISJON	TEIKNINGSNUMMER	02.06.2014



mr. (land)
daa

HYTER

7

6

5

TER
4.3 daa

parkeringspl.
3.4 daa

FLYTEBRYGGE

Naust

Naust

Naust

Naust

Naust

Naust

Naust

annen veggr. 1.9 daa


annen veggr. 1.5 daa

1.8 daa

42/1
fril.omr. (land)

42/3

3 meter



REVISJON: TEGNINGNUMMER

TITTEL: SKISSE TOMTEDISPONERING

- EKSISTERANDE BYGG
- NYE NAUST
- PLANERT AREAL
- SKJERING

REV	BEMERKNING	SON	DATE

TILTAKSNAVER: KÅRE JENSHOLM

GÅRNUMMER: BILNUMMER: KORTTITTEL: NYNOMME: FØRSTENOMME:
 TITTEL: SKISSE TOMTEDISPONERING

AG Plan og Arkitektur AS
 Besøksadresse : Weibjörn Svendsengt. 12
 Postadresse : Weibjörn Svendsengt. 12, 6150 Ørsta
 Tlf. 70 06 16 00
 E-post: firmapost@agplan.no
arkitektbedriftene



SEMULTR	FLÅMNR	MÅL
JBL	2094-16/10/2014	1:1000
TEGNET:	KONTROLL:	DATE:
		16/10/2014
REVISJON:	TEGNINGSNUMMER	

Herøy kommune
Planutvalet
Pb 274
6099 Fosnavåg

Planlagt reguleringsendring for Jensholmen aust - Framlegg til avgrensing av planområde og tomtediskonering på gnr 42 bnr 1 m.fl.

Viser til e-post 14.07.14 frå Herøy kommune v/sakshandsamar Alexander Tarberg der AG Plan og Arkitektur AS som plankonsulent vert bedne om å gi ei planfagleg tilbakemelding på skissert planområde og tomtediskonering vedlagt e-post 14.07.14. Det vert også bede om eit masserekneskap som viser kor mykje steinmassar som kan takast ut ved eit slikt plangrep.

Skissert inngrepsgrense

Inngrepsgrensa vert ein balansegang mellom uttak av stadlege massar og bevaring av friområde på toppen av Jensholmen.

Skissert inngrepsgrense gitt av Herøy Kommune i e-post 14.7. gir eit uttak av fast fjell på 5500-6000 m³. Skissert inngrepsgrense vist i skisser vedlagt dette skrivet gir eit uttak av fast fjell på 9000-9500 m³. Tiltakshavar har tidlegare avklara at uttak av ca 10 000 m³ fast fjell til bruk i molofylling må kunne godkjennast.

Det er lagt til grunn at ein sprengjer ut massar ned til kote c + 2,13 og at fjellskjeringa får ei helling på 1:1,25. Skjeringa kan då steinsetfast og revegeterast med stadleg vegetasjon. Sjå eige prinsippssnitt og planskisse. Skissert inngrepsgrense gir eit uttak av fast fjell på ca 9500 m³. Inngrepsgrensa føreset tilplanta fjellskjæring kring toppen av Jensholmen til maks kote c + 13 mot nordaust og mot søraust.

Inngrepsgrensa er utvida noko i forhold til kva som var skissert i skisser frå kommunen. Det er vurdert som ei betre løysing å ha ei skjering som kan revegeterast med stadleg vegetasjon enn ei tilnærma loddrett fjellskjering som vil verte ståande som fjellskjering utan vegetasjon. Den skrå fjellskjeringa som er valt ivaretek friområdet på toppen så langt som råd samstundes som det vert lagt til rette for uttak av ei gitt mengde stadleg fast fjell. Den tilplanta skråninga reduserer fjernverknaden av inngrepet sett frå sjøen. Plassering av naust framfor skjering er også med på å dempe fjernverknaden av inngrepet – gjeld både mot sør, aust og nord.

Skissert tomtediskonering

Masseuttaket legg til rette for at det kan utvidast med nye naust i forlenging av eksisterande naustrekkje mot nordvest og at ein kan legge opp til nye naustrekkjer parallelt med eksisterande naustrekkjer mot sørvest, noko som gir ein ryddig og rasjonell tomtediskonering. Vi vurderer det som ei god løysing landskapsmessig å nytte landskapsromet mellom fylkesvegen og toppen av Jensholmen til utviding av naustområde. Dei eksisterande nausta mot aust utgjer eit sterkt element i landskapsromet i dag og ei utviding med parallelle naustrekkjer vil innordne seg ein allereie etablert struktur. Denne strukturen syter for god kontakt mellom toppen av Jensholmen og landskapsromet over mot Stokksund. Strukturen kan vidare underdelast ved at


● Side 2

ein så langt det er råd etablerer gjennomgåande siktlinjer på tvers av bebyggelsen (aust-vest). Viser då til at eksisterande naustrekkjer er brotne med små opningar og planlagt naustrekkjer er vist med ein intern veg med tilnærma same plassering som opningane i eksisterande naustrekkjer. Den føreslåtte tomtedisplayeringa legg også til rette for at utbygginga kan skje trinnvis og ein kan velje fritt kva som bør byggjast ut først.



Utsnitt av vedlagt planskisse.

● Side 3



Prinsippsnitt fjellskjering, Sjå snittmarkering i planskisse.

Planlagt bebyggelse

Planlagt tomtediskonering vil gi rom for inntil 32 nye naust. Det er 21 eksisterande naust i planområdet. Parkering tilrår vi organisert i egne anlegg i utkanten av naustområdet, dette for å legge til rette for sambruk med andre funksjonar i området og for å hindre at bilar vert ståande til hinder for tilkomst til nausta. Korttidsparkering vert tillate mellom nausta alternativt kan ein opne for einsidig parkering mellom nausta. Køyrevveg til planlagt molo mot nord vert lagt mellom naustrekkeane. Fylling ved foten av moloen er føreslått nytta til parkering for flytebrygger langs moloen.

Det har kome fram behov for mindre naust/sjøbuder til lagring av fiskeutstyr, båtutstyr etc. og ein ønskjer å legge til rette for at naust kan underdelast i 2 eller 4 seksjonar. Det er planlagt naust/sjøbuder av ulik storleik og ein vil slik kunne gi eit tilbod for dei fleste behov. Grunnflata på eit naust er 10x5m. Nausta kan så underdelast i 2-4 delar. For nausta som ligg ut mot sjøen kan loft innreiast. Nausta er planlagt plasserte på ca kote c + 2,6.

Tilkomst

Hovudtilkomst til området vil vere via tilkomstveg regulert i gjeldande reguleringsplan, denne vert så vidareført i bakkant av eksisterande naustrekkeane og mellom planlagde naustrekkeane mot nordvest fram til moloen. Ein føreset då at tilkomst for båttransport til nye naustrekkeane mot vest kan skje direkte frå tilkomstveg. Etter etablering av tilkomstvegen vil ein stå fritt for å velje kvar det er hensiktsmessig å bygge først. Avkøyrsløse til parkering og vidareføring av denne i form av internveg/siktlinje mellom naustrekkeane vert dimensjonert for personbil.

Parkering

Gjeldande reguleringsplan stiller krav til 1 p-plass pr 3 båtplassar. Det vert lagt til grunn at parkering for småbåt- og naustanlegg vest på Jensholmen tilhøyrande småbåtlaget vert løyst på deira grunn. Parkeringsplass på 3,4 daa i gjeldande reguleringsplan skal dekkje parkering for småbåt- og naustanlegget aust på Jensholmen. Antal båtplassar er dimensjonerande for antal p-plassar då ein går utifrå at dei som har naust også har båtplass. Gjeldande reguleringsplan viser 305 plassar for småbåtar aust på Jensholmen. Behovet for parkering innan føreslått planområde vert då 102 p-plassar. Tomtediskonering syner i overkant

● Side 4

av 110 p-plassar fordelt på to lokaliseringar. 1) ved avkøyrslø frå fylkesveg og 2) ved foten av molo mot nord.

Som nemnt ovanfor kan ein vurdere å opne for ein-sidig parkering mellom naustrekkeane, td. ved at nausteigar får parkere i bakkant av sitt naust. Det er 21 eksisterande naust i planområdet og skissert tomtedisponering opnar for inntil 32 nye naust.

Ferdigstilling av anlegg

Dei planlagde nausta er avgjerande for ferdigstilling av molo som no står på skade. Ved realisering av naust får ein frigitt lausmassar som kan nyttast som fylling. Slik situasjonen er no står hamna på austsida utan beskyttelse. Ferdigstilling avheng av tilgang på stein. Jensholmen er planlagt å verte Sunnmøres største båthamn med over 500 båtplassar og opp i 120 naust. Anlegget vil legge til rette for at fleire kan feriere ved sjøen i Herøy/på Ytre sunnmøre.

Med venleg helsing

Kåre Gjengedal
Siv.ing./planleggar

Jorunn Beate Lillebø Lande
Master i Arkitektur

Vedlegg: 2094-16102014 - Planskisse

Kopi:
- Tiltakshavar: Kåre Jensholm

Delegerte saker frå avdelingane

DS 41/14 Kjøp av tomt 81/13 22.10.2014 00:00:00 Cecilie Skotnes og Arne Fagerbakke

DS 42/14 Kjøp av bustadtomt 45/163 i Dragsund 22.10.2014 00:00:00 Tømrer

Prosjekt AS